



**Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde -
Kvalitetssikring og supplerande kartlegging av
naturtypar i kulturlandskapet**

Bioreg AS Rapport 2016 : 01

BIOREG AS

Rapport 2016 : 01

Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-306-5
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Finansiert av: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Dato: 14. mars 2016
<p>Referanse: Langmo, S.H.L & Oldervik, F. G. 2016. Geiranger-Herdalen landskapsvernombord - Kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet. Bioreg AS. Rapport 2016 : 01. ISBN 978-82-8215-306-5</p> <p>Referat: På oppdrag frå Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord er det utført kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet innanfor områdegrensene for landskapsvernombordet. Lokalitetane ligg i kommunane Norddal og Stranda. Fleire av dei opphavlege lokalitetane har fått endra verdi, og nokre er også føreslegne sletta frå Naturbase. I tillegg er det registrert fleire nye lokalitetar, for det meste knytt til kulturlandskapet, eller i samanheng med dette.</p> <p>8 emneord:</p> <ul style="list-style-type: none"> Biologisk mangfald Raudlisteartar Slåttemark Naturbeitemark Registrering Kulturlandskap Geiranger-Herdalen landskapsvernombord 		

Figur 1. Framsida; Biletet viser Herdalssetrene inst i Herdalen i Norddal kommune. Dette er eit av dei mest intakte og særprega seterlandskapa i heile Møre og Romsdal. Lokaliteten er stor, med innslag av alt frå beitemarker til myrar og boreal hei. Alt er halde ope ved beiting av mjølkegeit og hest. (Foto: Bioreg AS ©).

Føreord

På oppdrag frå Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvern-område er det utført kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet innanfor områdegrensene for landskapsvern-området.

For oppdragsgjevaren har Linn Myrvold vore kontaktperson. For Bioreg AS har Finn Oldervik vore kontaktperson saman med Solfrid Helene Lien Langmo. Sistnemnde har også utforma mesteparten av rapporten samt utført felter arbeidet. Dagleg leiar i Bioreg AS, Finn Oldervik har vore ansvarleg for kvalitetssikringa.

Vi takkar oppdragsgjevaren for tilsendt informasjon. Vidare vert Per Roar Alstadsæter og Harald Aarseth takka for å ha stilt opp som skysskarar på dei veglause gardane i Tafjorden og Sunnylvsfjorden, medan Jon Olav Breivik, Arnfinn Vesterås, Liv Randi Bjørlykke, Svein Runde, Sanna og Olav Kilsti, Finn Roger og Emma Vågsæter vert takka for å ha kome med historiske opplysningar om lokalitetane.

Aure/Rissa 14.03.2016

FINN OLDERVIK SOLFRID HELENE LIEN LANGMO

Innhald

Føreord	3
Innhald.....	4
1. Bakgrunn	5
2. Dei ulike lokalitetane.....	5
3. Undersøkingane.....	6
4. Oppsummering.....	7
4.1. Lokalitetar som er føreslegne sletta frå Naturbase	7
4.2. Lokalitetar med sterkt endra avgrensing.	9
4.3 Lokalitetar som er føreslegne behaldne i Naturbase og som har fått nye skildringar.	11
4.4. Nykartlegging	12
4.5. Gjennomgang av Gaarder et al. 2001.....	13
4.6. Kommentarar	13
VEDLEGG 1	19
VEDLEGG 2	22
Lok. nr. 1. Herdalssetrene. Verdi: Svært viktig - A.....	22
Lok. nr. 2. Botnen. Verdi: Svært viktig - A.....	27
Lok. nr. 3. Kallskarstølen. Verdi: Lokalt viktig - C.....	31
Lok. nr. 4. Haugset. Verdi: Lokalt viktig - C.....	35
Lok. nr. 5. Kilstisetra. Verdi: Viktig - B.	38
Lok. nr. 6. Verpesdalen. Verdi: Lokalt viktig - C.....	42
Lok. nr. 7. Verpesdalen: Paradis. Verdi: Lokalt viktig - C.....	45
Lok. nr. 8. Verpesdalssetra. Verdi: Lokalt viktig - C.....	47
Lok. nr. 9. Osvik. Verdi: Lokalt viktig - C.....	50
Lok. nr. 10. Kastesetra. Verdi: Lokalt viktig - C.....	53
Lok. nr. 11. Korsneslia. Verdi: Viktig - B.....	57
Lok. nr. 12. Kastet nord. Rik edellauvskog. Verdi: Viktig - B.	60
Lok. nr. 13 Kastet I. Store gamle tre. Verdi: Lokalt viktig - C.....	65
Lok. nr. 14. Nord for Knivsflå. Haustingsskog. Verdi: Viktig - B.	67
Lok. nr. 15. Breimyra. Verdi: Lokalt viktig - C.....	70
Lok. nr. 16. Geirangerfjorden: Knivsflå. Verdi: Viktig - B.....	72
Lok. nr. 17. Geiranger: Skageflå. Verdi: Viktig - B.	75
Lok. nr. 18. Geiranger: Vesteråsdalen. Verdi: Viktig - B.....	79
Lok. nr. 19. Storsætra. Verdi: Viktig - B.....	82
Lok. nr. 20. Storsæterfossen. Verdi: Viktig - B.	85
Lok. nr. 21. Kvandalssætra. Verdi: Viktig - B.....	88
Lok. nr. 22. Oaldsbygda: ved Seljeflotnaustet. Verdi: Viktig - B.	91
Lok. nr. 23. Oaldsbygda: Seljeflot Verdi: Viktig - B.	93
Lok. nr. 24. Korsneset. Verdi: Lokalt viktig - C.	96
Lok. nr. 25. Geiranger: Maråk nord. Verdi: Svært viktig - A.....	98

1. Bakgrunn

På oppdrag frå Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombjøde er 21 lokalitetar knytt til kulturlandskapet i verneområdet kvalitetssikra. I tillegg er det utført nykartlegging der ein fann nye interessante naturtypelokalitetar ved same høve, og då i første rekke lokalitetar knytt til kulturlandskapet. I utgangspunktet er område med slåttemark godt kartlagt, og det er difor lokalitetar med naturbeitemark der registreringane er frå før år 2000 som er prioritert i dette oppdraget. Hensikta med oppdraget er å betre kvaliteten på eksisterande naturtypedata i Naturbase samt å supplere med nye data. Etter at arbeidet med rapportering vart starta vinteren 2016, kom det i tillegg ynskje frå Fylkesmannen, om oppdatering av ytterlegare eit par lokalitetar, på bakgrunn av nye opplysningar om lokalitetane. I tillegg kom det ønske om ein systematisk gjennomgang av ein rapport utarbeidd i samband med biologiske undersøkingar og samanstilling av kjent kunnskap innafor det planlagde Geiranger-Herdalen landskapsvernombjøde (Gaarder et al. 2001), med tanke på å avdekke eventuelle lokalitetar som ikkje var lagt inn i Naturbase.


2. Dei ulike lokalitetane

Dei lokalitetane som skulle kvalitetssikrast i dette oppdraget sommaren 2015, ligg spreidd innanfor verneområdet i kommunane Norddal og Stranda i Møre og Romsdal. I tillegg ligg ein lokalitet i Strandadalen, like utanfor verneområdegrensene. Det er snakk om 20 lokalitetar med naturbeitemark der registreringane var av eldre dato, samt ein lokalitet med slåttemark på Knivsflå registrert i 2010, der det i dei seinare åra har vore drive slåtteskjøtsel.

Tabell 1. Oversyn over lokalitetar som skulle kvalitetssikrast i samband med dette oppdraget.

Områdenavn	Naturbasenummer	KOMMUNE	VERDI	NATURTYPE	AREAL	KARTLAGT
Herdalssetrene	BN00008453	NORDDAL	A	Naturbeitemark	800,0	1995
Botnen	BN00008445	NORDDAL	A	Naturbeitemark	11,0	1999
Haugset	BN00008348	STRANDA	B	Naturbeitemark	18,0	2000
Kilstisætra	BN00008426	NORDDAL	B	Naturbeitemark	83,0	1997
Geirangerfjorden: Knivsflå	BN00069325	STRANDA	B	Slåttemark	0,2	2010
Oaldsbygda- Seljeflotnaustet	BN00038805	STRANDA	B	Naturbeitemark	0,8	2006
Oaldsbygda- Seljeflot	BN00038806	STRANDA	B	Naturbeitemark	0,4	2006
Vesteråsdalen	BN00069351	STRANDA	B	Naturbeitemark	587,0	2000
Herdalen	BN00008336	NORDDAL	C	Naturbeitemark	3,2	2000
Kallskarstølen	BN00008448	NORDDAL	C	Naturbeitemark	26,0	1997
Kastet	BN00008420	NORDDAL	C	Naturbeitemark	13,0	1997
Kastesætra	BN00008417	NORDDAL	C	Naturbeitemark	10,0	1997
Korsneslia	BN00008425	NORDDAL	C	Naturbeitemark	1,9	1997
Kvanndalssætra	BN00008373	STRANDA	C	Naturbeitemark	10,0	2000
Osvik	BN00008414	NORDDAL	C	Naturbeitemark	42,0	1997
Geiranger: Skageflå	BN00008355	STRANDA	C	Naturbeitemark	7,2	1994
Skrenakken	BN00008416	NORDDAL	C	Naturbeitemark	50,0	1997
Storsætra	BN00008357	STRANDA	C	Naturbeitemark	13,0	2000
Verpesdalen	BN00008419	NORDDAL	C	Naturbeitemark	104,0	1997
Verpesdalsætra	BN00008422	NORDDAL	C	Naturbeitemark	60,0	1997
Vinsåssætra	BN00008368	STRANDA	C	Naturbeitemark	18,0	2000

Etter at arbeidet med rapportering starta vinteren 2016, vart også lokalitetane **Korsneset (BN00008424)** og **Geiranger: Maråk nord (BN00069353)** inkludert i dette oppdateringsarbeidet, i tillegg til at det som nemnd vart utført ein systematisk gjennomgang av rapporten til Gaarder et al., 2001, «Biologisk mangfald innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombjøde». Tanken med dette var å avdekke om det finst lokalitetar som ikkje er lagt inn i Naturbase her, og som burde vore registrert. Lokaliteten Storsæterfossen (lok nr 20), er dels eit resultat av denne gjennomgangen.



Figur 2. Kartet viser plasseringa av dei 23 oppdaterte lokalitetane. Som ein ser ligg alle i Norddal og Stranda kommunar, og alle med unntak av ein ligg innanfor grensene til landskapsvernombjødet. I vest, i Strandadalen, ligg lokaliteten Herdalen (BN00008336) litt utanfor områdegrensene.

3. Undersøkingane

Undersøkingane i felt gjekk føre seg i to periodar i 2015. Halvparten av lokalitetane vart undersøkt først i juli, og resten først i september, noko som for det meste skuldast feltkapasiteten til kartleggjaren. Samtlege lokalitetar vart oppsøkte i felt, og på fleire av lokalitetane var ein i kontakt med lokalkjende i samband med undersøkingane. Opplysningane ein fekk, bidrog med nyttig informasjon som seinare letta arbeidet med oppdatering av lokalitetsskildringane. Karplantefloraen vart via størst merksemd ved undersøkingane, men også andre organismegrupper, slik som sopp og fugl m.m. vart registrert i den grad ein observerte noko av interesse. Ein reknar med at undersøkingane i juli vart utført litt for tidleg til å kunne fange opp soppfloraen skikkeleg, og eventuelle førekommstar er difor vurdert ut frå potensiale, samt på tidlegare funn. 2015 var eit dårleg soppår, slik at også undersøkingane i september mest vart grunna på

vurdering av potensiale. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av interessante funn. Artslistar vil etter kvart bli lagt inn i Artsobservasjonar slik at dei kjem fram på Artskart.

4. Oppsummering

Innanfor rammene av dette oppdraget, låg som nemnd re-kartlegging av 21 tidlegare registrerte lokalitetar, i tillegg til to lokalitetar som vart oppdaterte etter ønske frå Fylkesmannen. Alle desse var av typane naturbeitemark og slåttemark, med unntak av Geiranger: Maråk nord (BN00069353), som er registrert som naturtypen sørvende berg og rasmarker, der skildringa berre vart supplert med nyare artsfunn, samt at lokaliteten vart oppdatert til nye naturtypar (Sørvende berg og rasmarker er utgått som naturtype). Ut over dette vart det utført nykartlegging der ein fann interessante naturtypar knytt til kulturlandskapet. I tillegg vart det også sett etter andre naturtypar der slike naturleg fall saman med kulturlandskapet.

4.1. Lokalitetar som er føreslegne sletta frå Naturbase

Av dei 21 opphavlege lokalitetane i denne undersøkinga, er fire føreslegne sletta frå Naturbase grunna et dei ikkje lenger stettar krava til naturbeitemark. Dette, med unntak av lokalitten på Skrenakken (BN00008416), er for det meste grunna på opphøyr av skjøtsel med påfølgjande attgroing. I omtalen av Skrenakken i Naturbase frå 1997 heiter det mellom anna: "*Kulturmarka er ute av bruk, men det streifar sauver i området. Vegetasjonen på innmarka består i vesentleg grad av attgroande sølvbunkeeng med høgt gras. I fuktigare parti kjem det inn ein del myrtistel og andre fuktengplanter. I udyrka parti finst ein del magrare natureng dominert av gulaks og engkvein.*" I 1997 vart det registrert fleire raudlista beitemarksopp her. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at eigar hadde teke opp att skjøtselen i form av slått med plenklippar mange gonger for sesongen. Alt som ikkje var slege med klipparen, vart rydda med ryddesag. All avlinga vart berre ligggjande på bakken, noko som hadde ført til ei kraftig oppgjødsling. Det meste av området var dominert av artar som kvitkløver og føllblom saman med tett gras. Det vart leita grundig etter sopp på lokaliteten utan at slike vart registrert. Om denne lokaliteten skal ha noko håp om restaurering, vil ein kome med framlegg om at den vert skjøtta som slåttemark med sein slått og at høyet vert fjerna etter bakketørking. Lokalitten har ikkje verdi som verken naturbeitemark eller slåttemark slik den framstår i dag.


Tabell 2. Oversyn over lokalitetar som er føreslegne sletta frå Naturbase.

Område-namn	Naturbase-nummer	KOMMUNE	VERDI	NATURTYPE	AREAL	KARTLAGT	KOMMENTAR
Herdalen	BN00008336	NORDDAL	C	Naturbeitemark	3,2	2000	Attgrødd
Kastet	BN00008420	NORDDAL	C	Naturbeitemark	13,0	1997	Attgrødd
Skrenakken	BN00008416	NORDDAL	C	Naturbeitemark	50,0	1997	Slått og avlinga ligg att og gjev kraftig oppgjødsling.
Vinsåssætra	BN00008368	STRANDA	C	Naturbeitemark	18,0	2000	Attgrødd

Dei andre tre lokalitetane som er føreslege sletta er Kastet (BN00008420), Vinsåssætra (BN00008368) og Herdalen (BN00008336). Alle desse lokalitetane ligg på god, næringsrik

jord slik at det som tidlegare var enger dominert av gulaks og engkvein, i dag er omgjort til område dominert av nitrofile artar som nesler, hundegras, strandrøyr og mjødurt.

I **Herdalen** vart det i 2015 registrert eit interessant område litt sør for den opphavlege lokaliteten. Dette er gammal innmark som i dag er gjært inne og lett til å vere slått som plen nokre få gonger for sesongen. Området kan vere aktuelt å vurdere som slåttemark om nokre år, om denne skjøtselen vert oppretthalden. Lokaliteten er ikkje undersøkt for sopp.



Figur 3. Lokaliteten Herdalen (BN00008336) ligg nord i kartutsnittet. Området som potensielt kan vere interessant er merka med raudt. Det verka framleis å vere noko oppgjørlig.



Figur 4. Utsyn får huset og utover delar av engene på Skrenakken. Det meste her er slått mange gonger for sesongen med plenklippar, og framstår vel også meir som plen enn som beite- eller slåttemark. Også alle dei skrinne partia der plenklipparen ikkje kjem til, er slått. Det ser ikkje ut som om graset vert fjerna frå marka, noko som i løpet av åra har ført til kraftig oppgjørlig.

4.2. Lokalitetar med sterkt endra avgrensing.

Av dei 21 lokalitetane er det fem lokalitetar som har fått sterkt enda avgrensing. Dette gjeld Verpesdalen (BN00008419), Osvik (BN00008414), Storsætra (BN00008357), Skageflå (BN00008355) og Kvanndalssetra (BN00008373).

Tabell 3. Oversyn over lokalitetar med sterkt endra avgrensing. Her er også teke med nytt areal og eventuelle endringar i verdi og naturtype.

Område-namn	Naturbase-nummer	ID LOKAL	KOM-MUNE	VERDI	NATUR-TYPE	AREAL	KART - LAGT	NY NATUR-TYPE	NY VERDI	NYTT AREAL	KOMMENTAR
Verpesdalen	BN00008419	6	NORDDAL	C	Natur-beitemark	104,0	1997	Uendra	C	1,4	Redusert areal, attgroing og oppgjødsling
Osvik	BN00008414	9	NORDDAL	C	Natur-beitemark	42,0	1997	Uendra	C	19,4	Redusert areal, attgroing og oppgjødsling
Storsætra	BN00008357	19	STRANDA	C	Natur-beitemark	13,0	2000	Uendra	B	27,5	Utvila areal
Geiranger: Skageflå	BN00008355	17	STRANDA	C	Natur-beitemark	7,2	1994	Slåttemark	B	1,1	Redusert areal. Nytt skjøtselsregime. Ny naturtype.
Kvanndalssetra	BN00008373	21	STRANDA	C	Naturbeitemark	10,0	2000	Naturbeitemark	B	41	Utvila areal

I **Verpesdalen** finst det restverdiar i enkelte mindre parti heilt inst i dalen. Den gamle lokaliteten var på 104 daa, medan arealet av den nye, innskrenka lokaliteten, er på om lag 1,4 daa. Også i Verpesdalen var det stadvis drive slått, og også her vart all avlinga liggjande slik som på Skrenakken. Særleg gjeld dette på dei to framre bruka. Ein reknar her med at det er eit visst restaureringspotensiale knytt den tidlegare lokaliteten, så sant beitet vert teke opp att med rimeleg høgt beitetrykk, eventuelt om engene vert slått og avlinga fjerna. Om det er interesse for det, kan det også vurderast om det skal tynnast kraftig i ungskogen lenger inn i Verpesdalen. Her ligg gamalt attgrodd kulturlandskap, mellom anna med mange styva bjørketre.

I **Osvika** inst i Norddalsfjorden er det også drive slått på ein god del areal, og også her vert graset liggjande. Her er også ein del av lokaliteten teke i bruk til førproduksjon, medan andre delar er grodd att. Avgrensinga er difor revidert og arealet kraftig redusert også her, og gjeld no mest kantsoner. Arealet av lokaliteten er redusert frå 42 til 19 daa.

På **Storsætra** i Geiranger er avgrensinga betydeleg utvida i høve til tidlegare. Her er større areal med beitemarker kring husa inkludert og arealet auka frå 13 til om lag 27 daa.

Også **Kvanndalssetra** ovanfor Ørjasæter i Geiranger har fått betydeleg utvida areal i høve til tidlegare. Her er større areal med beitemarker, samt noko areal med beitemyr inkludert og arealet auka frå 10 til om lag 41 daa.



Figur 5. Biletet viser ei gammal styringsbjørk i skogen inst i Verpesdalen. Det var mange slike i skogene her, og fleire andre stadar, mellom anna i Tafjorden. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 6. Enger med kraftig oppslag av bringebær og strandrør i Verpesdalen. (Foto: Bioreg as ©).

På Skageflå er arealet betydeleg innskrenka. Dette grunna ein kombinasjon av attgroing og oppattaking av skjøtsel i form av slått. Ved besøket i 2015 viste det seg at delar av den opphavlege lokaliteten var grodd att. I tillegg såg ein at slått og rydding var teke opp att på mykje av markene rundt garden. Skjøtselen er i tråd med skjøtselsplan utarbeidd for garden i 2008. Ein slik skjøtsel har ført til at noko av den opphavlege lokaliteten i dag er å rekne som slåttemark (ein liten del), medan resten må reknast som restaureringsareal. Noko av den opphavlege lokaliteten består også av areal som har vore slått kvart år i mange år i samband med turistverksemda her oppe. Målet med skjøtselsplanen er å restaurere innmarka på Skageflå tilbake til slåttemark, ein prosess som allereie er godt i gang. Ein vil difor kome med framlegg om supplerande undersøkingar her med jamne mellomrom for å overvake utviklinga i artssamsetning, samstundes som restaureringsarbeidet held fram.



Figur 7. Engene nord for garden på Skageflå var nett blitt slått ved besøket i 2015. Mykje skog var også fjerna, og det var lagt ned eit betydeleg restaureringsarbeid. (Foto: Bioreg as ©).

4.3 Lokalitetar som er føreslede behaldne i Naturbase og som har fått nye skildringar.

Resten av dei opphavlege lokalitetane i denne undersøkinga stetta framleis krava til naturbeitemark/slåttemark, og er difor føreslede vidareført i Naturbase. I tillegg vart som nemnd to ekstra lokalitetar oppdaterte etter kontakt med Fylkesmannen vinteren 2016. Oversyn over desse lokalitetane er vist i **tabell 4**. Som ein ser av tabellen, er det fleire lokalitetar som har fått redusert verdi medan andre har fått den auka. Endringar i verdi skuldast for det meste endringar i bruken av areala, for eksempel meir eller mindre intensivt beite, men også i noko grad endringar i verdisettingskriteria for slike lokalitetar. Også endringar i areala av lokalitetane er teke med, for å gje eit bilet av utviklinga. For lokaliteten Maråk nord sin del, er det snakk om ei utviding av arealet med rasmark grunna registreringar av lokalt og nasjonalt sjeldne artar.

Tabell 4. Oversyn over lokalitetar som er føreslede vidareført i Naturbase. Her er også eventuelle endringar i areal og verdiar teke med.

Områdenavn	Naturbase-nummer	ID LOKAL	KOMMUNE	VERDI	NATURTYPE	AREAL	KARTLAGT	Ny naturtype	NY VERDI	NYTT AREAL
Herdalssetrene	BN00008453	1	NORDDAL	A	Naturbeitemark	800,0	1995	Naturbeitemark	Uendra	790
Botnen	BN00008445	2	NORDDAL	A	Naturbeitemark	11,0	1999	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Haugset	BN00008348	4	STRANDA	B	Naturbeitemark	18,0	2000	Naturbeitemark	C	15,9
Kilstisætra	BN00008426	5	NORDDAL	B	Naturbeitemark	83,0	1997	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Geirangerfjorden: Knivsflå	BN00069325	16	STRANDA	B	Slåttemark	0,2	2010	Slåttemark	Uendra	Uendra
Oaldsbygda- Seljeflot-naustet	BN00038805	22	NORDDAL	B	Naturbeitemark	0,8	2006	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Oaldsbygda- Seljeflot	BN00038806	23	NORDDAL	B	Naturbeitemark	0,4	2006	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Vesteråsdalen	BN00069351	18	STRANDA	B	Naturbeitemark	587,0	2000	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Kallskarstølen	BN00008448	3	NORDDAL	C	Naturbeitemark	26,0	1997	Naturbeitemark	Uendra	12,4
Kastesætra	BN00008417	10	NORDDAL	C	Naturbeitemark	10,0	1997	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Korsneslia	BN00008425	11	NORDDAL	C	Naturbeitemark	1,9	1997	Naturbeitemark	B	2,2
Verpesdalssetra	BN00008422	8	NORDDAL	C	Naturbeitemark	60,0	1997	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Korsneset	BN00008424	24	NORDDAL	C	Naturbeitemark	17,0	1997	Naturbeitemark	Uendra	Uendra
Geiranger: Maråk nord	BN00069353	25	STRANDA	B	Sørvendte berg og rasmarker	43,0	2010	Mosaikk rasmark og rik edellauvskog	Uendra	56

Som nemnt er attgroing eit av momenta som er med å redusere verdien av kulturlandskapet. Mellom anna lokalitetar som Haugset (BN00008348) og dei to lokalitetane i Oaldsbygda ber tydeleg preg av dette. Her vil verknadane av manglande skjøtsel etter kvart føre til at verdiane går tapt om ikkje beitetrykket vert auka betydeleg. Også fleire av lokalitetane langs Tafjorden ber tydeleg preg av lågt beitetrykk, og vil etter kvart stå i fare for ei gradvis attgroing.

Lokalitetar som Kilstisætra, Herdalssetrene, Vesteråsdalen, Botnen, Korsneslia og Kvanndals-sætra er eksempel på område der beitetrykket framleis er godt, og at landskapet framleis var halde i hevd. På Herdalssetrene (sjå framsida!) er det framleis beite med både hest og mjølkegeiter, og landskapet framstår også i dag som eit stort, intakt og imponerande seterlandskap med godt beitetrykk og stort mangfold av artar. Botnen litt lenger nede i dalen, var i 1995 omtala som ein svært artsrik lokalitet (Jordal og Gaarder, 1997). Det er svært gledeleg å sjå at

området framleis var nytta til beite, no for geitekje. Beitetrykket er framleis godt, og det er liten tvil om at potensialet for sopp også er godt. I Vesteråsdalen er det i Jordal (2011) opplyst at det truleg har vore beita av sau i lange tider, men at status etter 2000 er uviss. Ved besøk på Vesterås i 2015 kom det fram at det framleis er om lag 300 sau her oppe (Kjelde: Arnfinn Vesterås pers.meld). Dei fleste rasmarksengene i dalen ber framleis tydeleg preg av beite, og det same er tilfelle for fleire av dei små setervollane innover dalen. Fleire av desse vart ved undersøkingane i 2015 vurdert som naturtypelokalitetar etter DN Handbok 13, men nådde ikkje heilt opp, for det meste grunna for intensivt beite og stadvis total dominans av kvitkløver. Eit besøk om hausten med fokus på sopp, kunne vore ein fordel her, og kunne kanskje avdekka fleire lokalitetar.



Figur 8. Kilstisætra er eksempel på ein lokalitet med godt beitetrykk og stort artsmangfald. (Foto: Bioreg AS ©).

4.4. Nykartlegging

Innanfor rammene av prosjektet låg også nykartlegging knytt til kulturlandskapet der ein fann dette teneleg. I samband med oppdraget vart 6 lokalitetar registrert heilt nye. Oversyn over desse finst i tabell 5. Det vart registrert ein lokalitet som ikkje direkte er knytt til kulturlandskapet ved undersøkingane. Dette er Storsæterfossen. Fyrst etter feltsesongen, vart det klart at lokaliteten hadde vore registrert tidlegare (jf Gaarder et al 2001.).

Tabell 5. Oversyn over nye lokalitetar registrert i samband med prosjektet.

OMRÅDENAMN	ID LOKAL	KOMMUNE	VERDI	NATURTYPE	AREAL (daa)	KOMMENTAR
Verpesdalen: Paradis	7	NORDDAL	C	Slåttemark	0,45	Omtala som den siste flekken i Verpesdalen der det vaks markblomar.
Kastet nord	12	NORDDAL	B	Rik edellauvskog		Skog som tidlegare var meir glissen. I dag fortetta med ungskog. Mange store, styva og til dels stubbehausta almetre, samt ein del grove seljer.
Kastet I	13	NORDDAL	C	Store gamle tre	-	To gamle, styva almetre tett ved husa på Kastet. Styva siste gongen for få år sidan.
Nord for Knivsflå	14	NORDDAL	C	Haustingsskog	24,5	Område med haustingsskog. Tidlegare meir glisse tresjikt. I dag fortetta med ungskog. Menge store, styva og til dels stubbehausta almetre.
Breimyra	15	NORDDAL	C	Slåttemyr	16	Gamal slåtte- og beitemyr. I det seinare mest beita.
Storsæterfossen	20	STRANDA	B	Fosse-eng og fosseberg	4	Skildra tidlegare av Gaarder et al., 2001, men den gong ikkje registrert i Naturbase. Markert foss med fosse-eng og fosseberg.

I **Verpesdalen** vart det registrert ein liten lokalitet med slåttemark. Lokaliteten ligg like utanfor den opphavlege avgrensinga av naturbeitemark i området. I fylgje Jon Olav Breivik som har hus i Verpesdalen, er dette den siste plassen i området ein finn markblomar. Framleis finst godt med prestekragar her, og lokaliteten er å rekne som slåttemark med restaureringspotensiale. På **Kastet** vart det registrert ein lokalitet med rik edellauvskog med fleire store almer (VU) nord for husa. Fleire raudlisteartar vart registrert knytte til desse trea, og området har stort potensiale for fleire slike artar knytt til daud ved og grov sprekkbork. Almene står i ei gamal, hagemark/rasmark som i dag er attgrodd med nesler og ungskog. I tillegg finst einskilde styva almetre nær husa. Desse er skildra som store gamle tre, då det også her er potensiale for raudlista artar knytt til den grove sprekkborken og holroma i trea. To av trea er også styva for få år sidan, og det er desse som no er føreslegne registrerte i Naturbase. Nærare undersøkingar kan avdekke fleire raudlisteartar her. Også **nord for Knivsflå** finst eit område med haustingsskog med alm (VU). Her vart det ikkje påvist raudlisteartar, men potensialet for slike, knytt til dei gamle almene i området, er godt. **Breimyra** ligg på høgda mellom Verpesdalen og Skrenakken, like ved stigen. Myra er fattig, utan basekrevjande artar. Likevel er den klart påverka av beite, eventuelt også slått. Artane er for det meste jamt fordelte, og strukturen er svært flat, utan opphoping av torv og danning av tuver.

4.5. Gjennomgang av Gaarder et al. 2001

Ved gjennomgang av den nemnde rapporten, vart det klart at den inneheld fleire lokalitetar som av ulike grunnar ikkje er lagt inn i Naturbase, i tillegg til verdfull informasjon om allereie eksisterande lokalitetar, som heller ikkje er lagt inn i basen. Mellom anna inkluderer dette ein lokalitet i Vesteråsdalen, under Storskredfjellet, med funn av den sjeldne arten stivsildre (EN).

Informasjon frå Gaarder et al (2001) er no inkludert i oppdateringa av lokalitetane omfatta av denne rapporten, men ein skal ikkje sjå bort ifrå at det framleis finst verdfulle opplysningar om einskilde lokalitetar her. Rapporten bør såleis nyttast som støttelitteratur også ved framtidige oppdateringar av lokalitetar innanfor landskapsvernombjødet. Det same gjeld rapport utarbeidd av Norderhaug et al (2004), med temaet kulturlandskap i indre Storfjorden.

Ut over dette såg ein også at det på ein del lokalitetar var avvik i naturtypar og verdsetjing mellom Gaarder et al (2001), og naturtyperapporten for Stranda kommune, utarbeidd av Holtan og Grimstad (2001), som i stor grad er grunnlaget for det som er registrert i Naturbase. Etter at desse rapportane vart laga, er det komne nye faktaark for dei fleste av desse naturtypane, samt at ein del av dei, som mellom anna sørvende berg og rasmarker er gått ut, og erstatta av andre typar meir tilpassa kartleggingssystemet Natur i Noreg (NiN). I **Vedlegg 1** finst oversyn over lokalitetar som burde vore oppdatert, eller eventuelt lagt inn i Naturbase, samt kommentarar til eventuelle avvik mellom dei to nemnde rapportane.

4.6. Kommentarar

Områda innanfor landskapsvernombjødet er unike i norsk samanheng, med eit storslagent landskap beståande av ville fossar og bratte fjell, og fjordar som skjer seg langt inn i landet. Dette saman med eit kulturlandskap som framleis er halde i hevd med beite og slått. Mange stader

ser ein framleis beitande sauher og geiter, hesjer og velhaldne gardar. Også mange av lokalitetane undersøkt i dette prosjektet bar framleis preg av godt beitetrykk og inneholdt stort biologisk mangfold knytt til nett denne kombinasjonen av natur og menneskeleg påverknad. Også landskapet rundt lokalitetane ber tydeleg preg av kulturpåverknad gjennom lange tider, slik at den einskilde lokaliteten må vurderast saman med det heilskaplege landskapet. Utnyttinga av alle dei små hyllene langs liene og utover i fjordane til jordbruk, i kombinasjon med alt dette, har skapt eit landskap med store naturhistoriske og kulturhistoriske verdiar. Geirangerfjorden står som kjend også på UNESCO si prestisjetunge liste over verdas kultur- og naturarv.

Geiranger - Herdalen landskapsvernombjøde vart oppretta i 2004. Føremålet med opprettinga av verneområdet er å:

- *Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plantear og dyreliv.*
- *Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*

(Kjelde: §2 Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernombjøde, Stranda og Norddal kommunar, Møre og Romsdal)

Ved undersøkingane i 2015, såg ein at i områda rundt sjølve Geiranger, var mykje av det opphavlege kulturlandskapet intakt, eller restaurert i løpet av dei seinare åra. Mange av skildringane i Naturbase frå dette området omtala attgroing og opphøyr av skjøtsel. Fleire område har dei seinare åra fått utarbeidd skjøtselsplanar, mellom anna fleire slåttemarker på Vesterås, Skageflå i Geirangerfjorden og Møllestunet og omkringliggjande område i Ørnesvingane nord for Geiranger sentrum. I sistnemnde plan er det mellom anna tale om "museal" skjøtsel. Området rundt Geiranger utgjer likevel berre ein liten del av landskapsvernombjødet.

Ildsjeler har gjort ein enorm innsats for å redde gardar og kulturmiljø på fjordagardane langs heile Storfjorden. Hus og vegar er restaurerte, og skjøtselen av innmarka er mange stader teke opp att. Likevel ser ein mange stader at innmarka gror att. Spesielt tydeleg var dette på dei undersøkte lokalitetane på vestsida av Tafjorden, frå Osvik til Kastet og Korsneset. Her er beitetrykket generelt veldig lågt eller manglande bortsett frå litt beiting av hjort. Område i kulturlandskapet med djup jord er på tur til å gro att med høge nitrofile artar som nesler og mjødurt, medan dei særprega tørrbakke-artane er pressa tilbake til stort sett berre å finnast på svært grunne område, og langs kanten av dei mange bakkemurane. Kastet er som nemnd ein av lokalitetane som før var registrert som naturbeitemark, som i dag er heilt attgrodd med nitrofile artar, og er føreleggen sletta frå Naturbase grunna tap av dei biologiske verdiane. I område som før var beita hagemark, mange stader i kombinasjon med styving av skogen, finn ein no gamle store, styva almetre innpakka i tett ungskog og nesler.

På Korsneset er husa i ferd med å falle saman, og sjølv om husa på Kastet står, og taka er skifta, vil ikkje desse gardane vere synleg om nokre år, om ungskogen får gjere som den vil. Om ikkje skjøtsel i ei eller anna form vert teke opp att her snart, vil desse områda for det meste vere interessante for å studere attgroingsprosessar i kulturlandskapet, og overgangen frå kulturlandskap til skog, snarare enn fjordagardar.



Figur 9. Husa på Korsneset er i ei trist forfatning. Det er lågt beitetrykk, og truleg står hjorten for det meste av beitet her. Like nedanfor huset står ei imponerande ask (VU). Denne er mest truleg planta her, men er sannsynlegvis styva. (Foto: Bioreg as ©).

Ved oppattaking av beitet på vestsida av Tafjorden i kombinasjon med rydding av skog, ville dette området vore svært verdfullt. Mange stader langs stien mellom Kastet og Osvika, vart det funne restar etter gamle enger. I liene ovanfor Osvika og opp mot Kastesetra finst eit stort kulturlandskap med bakkemurar og styvingstre. Dette var også tilfelle på Korsneset, der dette landskapet strekte seg heilt frå sjøen og opp til Korsneslia, om lag 400 moh. Både på Korsneset og i Osvika og oppover mot Kastesetra er mykje av dette i dag grodd att med ung lauvskog. I Osvika er likevel enkelte område rydda for skog i dei seinare åra i samband med at det er tilrettelagt ein sti opp til Kastesetra.

I Verpesdalen, på Skrenakken og fleire andre stader, er slåtten teke opp i løpet av dei seinare åra. Slåtten går her føre seg, enten med slåmaskin eller plenklippar, og graset vert liggjande att på engene og ikkje fjerna. Slik skjøtsel fører til ei kraftig oppgjødsling av engene. Lyselskande artar bukkar under til fordel for tett gras og artar som mellom anna kvitkløver, ein art som sjølv er i stand til å binde nitrogen frå lufta og difor bidreg til ytterlegare gjødsling. Også beitemarksopp som er avhengig av lite eller inga gjødsling for å overleve, går sterkt tilbake ved slik skjøtsel, og vil etter kvart forsvinne på desse lokalitetane.

Denne skjøtselen bidreg likevel til å halde areala opne og grøne. Saman med rydding av skog, vil dette vere med å auke verdien av landskapet med fjordgardane. Slik skjøtsel er likevel ikkje optimalt for å ta vare på det biologiske mangfaldet knytt til desse gardane. For å oppretthalde mangfaldet er ein avhengig av skjøtsel som ligg tettare opp til den tradisjonelle, med

beite, gjerne i kombinasjon med slått der avlinga vert fjerna etter bakketurking eller hesjing. Slik skjøtsel er utvilsamt meir arbeidskrevjande enn å berre la graset ligge, men er naudsynt om skjøtselen skal ta sikte på å ta vare på dei biologiske verdiane.

Som ein ser vil val av skjøtselsform i ein del tilfelle stå mellom;

1. Å halda landskape ope (ein form for "museal" skjøtsel), der målet i fyrste rekke er å vise fram fjordagardane gjennom skogrydding og slått (utan fjerning av avlinga).
2. Å legge opp til ein meir tradisjonell skjøtsel som tek vare også på dei biologiske verdiane.



Figur 10. På Kastet er innmarka attgrodde. Eit par almer ved husa er framleis styva. (Foto: Bioreg AS ©).

REFERANSAR LITTERATUR

- Ansok, S. 1977. Utkantgardane – eit minne om ei anna tid. I: P. Larsen (red.): Møre og Romsdal. Bygd og by i Norge. Gyldendal. S. 214 – 216.
- Ansok, S. 1970. Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.
- Bele, B. & Norderhaug, A. 2008. Skjøtselsplan for Møllstunet og omkringliggende områder, Geiranger, Stranda kommune. Bioforsk. Rapport nr 3(10) 2008.
- Gjerding, J. 1935. Øydebruk i Sunnylven og Geiranger. Eige forlag, Hellesylt. 78 s.
- Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Stranda kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport nr 4 - 2011: 75 s. ISBN 978-82-7430-208-2 (papirutgåva).
- Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Norddal kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport nr 3 - 2011: 78 s. ISBN 978-82-7430-206-8.
- Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2001. Biologisk mangfald i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg
- Holtan, D. & Grimstad, K.J. 1999. Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s
- Jordal, J.B. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2011: 01.
- Jordal, J.B. 2007. Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007 basert på eksisterande informasjon. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernnavdelinga rapport 2007:02, 110 s.
- Gaarder, G., Holtan, D. og Jordal, J.B. 2001. Biologiske mangfald innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombjåde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga. Rapp. No 3-2001. 82 s
- Jordal, J. B. & Gaarder, G. 2001. På jakt etter stivsildre i Geirangerfjella (Stranda kommune, Møre og Romsdal). Blyttia 59 (2)
- Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J.B. & Gaarder, G., 1998. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 2 - 98. 117 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.

Norderhaug, A., Hansen, S. & Jordal, J.B. 2004. Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.

Stoknes, S. 1995. Setrar i Norddal. En kulturhistorisk registrering og forslag til forvaltningsstrategi. Rapport. 156 s.

Thorvaldsen, P. 2008. Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune. Bioforsk. Vol. 3 Nr. 153 2008.

KJELDER FRÅ INTERNETT

Nettstad

Artsdatabanken, [Raudlista og Artskart](#)

Miljødirektoratet, [Naturbase](#)

[GisLink, karttjenester](#)

Norges geologiske undersøkelser, [Berggrunn og løsmasser](#)

[Stranda kommune](#)

[Norddal kommune](#)

[Storfjordens venner](#)

[Nasjonalbiblioteket](#)

[Storfjordnytt](#)

MUNNLEGE KJELDER

Jon Olav Breivik

Arnfinn Vesterås

Liv Randi Bjørlykke

Svein Runde

Sanna og Olav Kilsti,

Finn Roger og Emma Vågsæter

VEDLEGG 1

Tabellen under gjev eit oversyn over kommentarar knytt til lokalitetar i Gaarder et al, 2001.

Områdenamn	Naturbase-nummer	Nr i Holtan og Grimstad 2000	Nr i Gaarder et al. 2001	KOM-MUNE	VERDI Gaarder et al./ Holtan og Grimstad	NATURTYPE Gaarder et al./ Holtan og Grimstad	AREAL	KARTLAGT	KOMMENTAR
Flåna	BN00008418	13	7.5.7	Norddal	A	Kystfuruskog	433 daa	1999	Er i rapporten registrert som urskog/gammelskog. I lokaliteten inngår også ein del gråorskog. Her finst noko olivin. Burde vore undersøkt for andre artsgrupper i tillegg til karplantar. Manglar verdivurdering i Naturbase.
Vinsåsskredene	BN00008384	26	7.6.3	Stranda	A	Sørvendte berg og rasmark	775 daa	2000	Som mange andre lokalitetar i Geiranger er den registrert som naturtypen sørvende berg og rasmark, ein naturtype som er erstatta av andre typar. Vinsåssætra vart undersøkt i 2015, og det vart klart at ein del av lokaliteten ikkje er å rekne som berg og rasmark, men som attgrodd kulturmark.
Djupdalen-Dalsnibba	BN00008371	65	7.7.2	Stranda	A/B	Kalkrike områder i fjellet/ Andre viktige forekomster	791 daa	2000	Avvik i verdi og naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Funn av stivsildre (EN)
Stavbrekka	BN00008381	75	7.7.7	Stranda	A	Kalkrike områder i fjellet/Sørvendte berg og rasmarker	1142 daa	1978	Avvik naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Skildringa er gamal.
Norddalsfjorden: Aust for Osvik	Ikkje registrert i Naturbase		7.2.19	Norddal	B	Naturbeitemark	Ikkje registrert	1997	Lokaliteten er i Gaarder & Jordal, 1998 skilda under lokaliteten i Osvika, og i Gaarder et al 2001, skilda som eigen lokalitet. Området hadde framleis botaniske verdiar ved undersøkinga i 2015, men er ikkje utskild som eigen lokalitet da området er i kraftig attgroing med skog.
Dalsbygda: Aust for Herdalen	Ikkje registrert i Naturbase		7.4.4	Norddal	B	Fossesprøytzone	Ikkje registrert	1992	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Undersøkt av Stafan Eriksson. Her er det registrert sunnmørsmarikåpe (VU). Lokaliteten vart ikkje undersøkt i 2015, men fossesprøytsona er der framleis. Behov for ny avgrensing og ny lokalitetsskildring.
Seineset	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.2	Norddal	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1988?	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Referert i Folkestad og Bugge, 1998 som "lita "hole" med varmekjær lauvskog". Ikkje vidare undersøkt
Kvernhusnes	Ikkje registrert i Naturbase	7	7.5.3	Norddal	B	Gråor-heggskog	Ikkje registrert	1999	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Bør rekartleggjast med tanke på naturtype og verdi.

Områdenamn	Naturbase-nummer	Nr i Holtan og Grimstad 2000	Nr i Gaarder et al. 2001	KOM-MUNE	VERDI Gaarder et al./ Holtan og Grimstad	NATURTYPE Gaarder et al./ Holtan og Grimstad	AREAL	KARTLAGT	KOMMENTAR
Geiranger: Mølle-sæter, Møll og Grande	Ikkje registrert i Naturbase		7.2.8	Stranda	B	Naturbeitemark	Ikkje registrert	1991, 2006, 2010	Området har fått utarbeidd skjøtselsplan og bør undersøkast med jamne mellomrom. Undersøkingar i 2010 avdekkja ein lokalitet med naturbeitemark innanfor området.
Sunnylvsfjorden: Nord for Presthellelaren.	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.8	Stranda	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1987	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Området er omtala av Folkestad og Bugge, 1988.
Sunnylvsfjorden: Furnesvika	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.14	Stranda	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1987	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Området er omtala av Folkestad og Bugge, 1988
Sunnylvsfjorden: Jogardstranda	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.15	Stranda	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1987	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Området er omtala av Folkestad og Bugge, 1988
Geirangerfjorden: Vest for Friaren	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.22	Stranda	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1987	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Området er omtala av Folkestad og Bugge, 1988
Geirangerfjorden: Geitflå	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.23	Stranda	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1987	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Området er omtala av Folkestad og Bugge, 1988
Geirangerfjorden: Skagen	Ikkje registrert i Naturbase		7.5.24	Stranda	B	Rik edellauvskog	Ikkje registrert	1987	Lokaliteten er ikkje registrert i Naturbase. Området er omtala av Folkestad og Bugge, 1988
(Geirangerfjorden: Nordsida av) Geitfjellet	BN00008339	67	7.7.1	Stranda	B/C	Kalkrike områder i fjell/Andre viktige forekomster	142 daa	2000	Avvik i verdi og naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad, i tillegg til noko grundigare skildring i Gaarder et al. Funn av stivsildre (EN)
(Geiranger:) Gråsteindalen	BN00008341	69	7.7.4	Stranda	B/C	Kalkrike områder i fjell/Andre viktige forekomster	44 daa	2000	Avvik i verdi og naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Funn av stivsildre (EN)
Geiranger: Vesteråsdalen under Blåfjellet	BN00008352	77a	7.7.5	Stranda	B/C	Kalkrike områder i fjell/Andre viktige forekomster	272 daa	2000	Avvik i verdi og naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Funn av stivsildre (EN). I Naturbase heiter denne lokaliteten berre Vesteråsdalan, noko som er forvirrande grunna at også BN00069351 har same namn, sjølv om denne heiter Geiranger: Vesteråsdalen og er avgrensa som naturbeitemark.

Områdenavn	Naturbase-nummer	Nr i Holtan og Grimstad 2000	Nr i Gaarder et al. 2001	KOM-MUNE	VERDI Gaarder et al./ Holtan og Grimstad	NATURTYPE Gaarder et al./ Holtan og Grimstad	AREAL	KARTLAGT	KOMMENTAR
Geiranger: Under Storskredfjellet	Ikkje registrert i Naturbase	77b	7.7.6	Stranda	B	Kalkrike områder i fjellet/Andre viktige forekomster	Ikkje registrert	2000	Bør kartfestast og registrerast i Naturbase. Funn av stivsildre (EN)
Innsetsetra	BN00008446		7.2.4	Norddal	C	Naturbeitemark	40 daa	1997	Gamal skildring, bør oppdaterast.
Myr ved Vinsåssætra	Ikkje registrert i Naturbase		7.3.1	Stranda	C	Andre viktige førekommstar	Ikkje registrert	2000	Re-kartlegging med tanke på om dette skal vere naturtype eller ikkje. Funn av den lokalt sjeldne arten tvibustorr.
(Geiranger:) Grinddalen	BN00008362	68	7.7.3	Stranda	C/B	Kalkrike område i fjellet/Sør vendte berg og rasmarker	434 daa	2000	Avvik i verdi og naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Funn av den lokalt sjeldne arten fjellfiol. Noko meir fyldig skildring i Gaarder et al
Djupvatnet	BN00008380	66	7.7.8	Stranda	C	Kalkrike område i fjellet/Sør vendte berg og rasmarker	985 daa	1962-71	Avvik naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Skildra av Skogen, 1971. Gamal skildring.
Helldalseggja	BN00008372	70	7.7.9	Stranda	C	Kalkrike område i fjellet/Andre viktige førekommstar	2274 daa	1962-71	Avvik naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Skildra av Skogen, 1971. Gamal skildring. Svært stor lokalitet. Grov avgrensing
Kolbeindsdalen	BN00008369	71	7.7.10	Stranda	C	Kalkrike område i fjellet/Andre viktige førekommstar	925 daa	1962-71	Avvik naturtype mellom Gaarder et al, og Holtan & Grimstad. Skildra av Skogen, 1971. Gamal skildring. Svært stor lokalitet. Grov avgrensing
Rundegga	BN00008379	75	7.7.11	Stranda	C	Kalkrike område i fjellet	386 daa	1978	Grov avgrensing, for det meste gamal skildring. Skildra etter undersøkingar av Skogen, 1978.

VEDLEGG 2

LOKALITETSSKILDRINGAR

Under følgjer lokalitetsskildringar for dei lokalitetane som vart re-kartlagt. Oppsett og skildring er basert på nyaste versjon av faktaarka frå DN Handbok 13, publisert på Miljødirektoratet sine heimesider i juli 2015.

Lokalitetsskildringar Geiranger og Herdalen

Lok. nr. 1. Herdalssetrene. Verdi: Svært viktig - A.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008453

UTM EUREF89 32V N 6896308 A 413729

Areal: 785 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (60 %) og boreal hei (30 %). Resten består av fattig beitemyr (innår i naturtypen slåttemyr), samt nokre kjelder, også desse fattige, og ei elv som deler lokaliteten i to, til saman 10 %.

Utforming: Fattig beitefukteng 50 %, beitevåteng 10 %, fattig boreal fukthei 30 %.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord

Feltsjekk: 09.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo(siste)

Avgrenningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.07.2015, i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 05.09.1995 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at området framleis er svært verdfullt, og det vart berre gjort mindre endringar i avgrensinga grunna at noko areal i dalbotnen er dyrka opp, samt noko endra beitemønster langs lokalitetsgrensene. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men ein god del av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. I Artskart er det lagt inn ein del registreringar frå området, for det meste av fugl, men også noko sopp. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit stort samanhengande ope beiteområde på flatene og i liene kring Herdalssetrene inst i Herdalen i Norddal kommune. Sjølvendalen er nordvend, med slake lier som i aust og sør aust går over i rasmark og bratte bergveggar. Herdalselva deler lokaliteten i to, og grep seg djupt ned i morenemassane sør i lokaliteten. Jordal og Gaarder (1999) omtalar den som «*ved sida av fjelldalane i Grøvuvassdraget ein av de mest særprega seterdalane i fylket*». Lokaliteten er stor og samansett, og registrert som ein mosaikk mellom meir eller mindre beitepåverka område med myr, boreal hei, rasmarksenger og naturbeitemark. Nokre stader i liene er det også litt skog. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av tjukke morenemassar og breelveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten på grensa mellom mellomboreal (MB) og nordboreal (NB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O1 og O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeite-

mark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (50 %), og beitevåteng (10 %). Ut over dette finst ein del fattig til svakt intermediær boreal hei, for det meste av fuktige utformingar (30 %). Denne er stadvis kjeldepåverka. Resten består av fattig beitemyr (inkludert i naturtypen slåttemyr), samt nokre kjelder, også desse fattige, og ei elv som deler lokaliteten i to. Til saman utgjer dette om lag 10 % av lokaliteten. Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen Seminaturleg eng (T 32). Boreal hei er ein eigen type også i NiN (T 31). Beite- og slåttemyr inngår i hovudtypen seminaturleg myr (V9) medan kjeldene inngår i hovudtypen kaldkjelde (V4). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan naturtypane boreal hei og sterk kaldkilde i låglandet begge er vurdert som; Datamangel - DD i same liste. Elveløp er vurdert som Nær trua – NT, og slåttemyrflate (der også beitemyr er inkludert), er vurdert som sterkt truga - EN.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet der dette finst er dominert av bjørk. I nokre kjeldepåverka parti finst litt gråor, og i heiene spreidd med einer og stadvis noko sølvvier. Myrene innanfor lokaliteten er fattige, og dominert av vanlege artar som duskull, torvull, slåttestorr, molte, røsslyng og småbjørneskjegg, i tillegg til artar som flaskestorr, bukkeblad og myrhatt i dei aller fuktigaste partia. I dei heiprega områda finst mykje blåbær, blålyng og krekling saman med mellom anna hengjeveng, grønkurle, enghumleblom, raud jonsokblom, finnskjegg og røsslyng. I dei meir kjeldepåverka partia og opp mot skogen, dominerer mange stader skogstorkenebb, strutseveng og torhjelm, og i sjølve kjeldeframspringa finst mykje stjernesildre. Mange stader finst dei heiprega områda i finskala mosaikk med meir beitepåverka område. Desse områda, saman med dei store beiteområda nede i dalbotnen er for det aller meste dominert av bakkefrytle, bakkesoleie, fjellmarikåpe, fjelltimotei, gråstorr, gulaks, harerug og sølvbunke. Elles finst mellom anna augnetrøyst (fleire artar), bergveronika, bleikstorr, blåklokke, blårap, dvergjamne, engkvein, geitsvingel, jonsokkoll, kattefot, kornstorr, lækjeveronika, marikåpearatar, myrfiol, raudsvingel, skarmarikåpe, småengkall, småsyre, snauveronika, tepperot og trefingerurt. I botnsjiktet finst for det meste vanlege moseartar som engkransmose, storbjørnemose og torvmosar i myrpartia. I kjeldene finst vanlege kjeldemosar.

I tidlegare lokalitetsskildring i Naturbase heiter det: «*Det vart lagt ut to 10x10 meters analyseruter, ei mellom seterhusa og elva på kortbeita voll, og ei i steinet gras/urterikt beite på austsida av elva. I ruta ved husa vart det funne 36 planteartar, av desse 10 naturengplanter og 2 seterplanter. [...] I ruta aust for elva vart det funne heile 54 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 6 seterplanter. [...] Med det høge dyretalet i området var det litt overraskande å finna rundt 40% strø i denne ruta. Dette kan tyda på at desse flatene i dalbotnen toler fleire dyr, og at kanskje geitene heller beiter andre stader. Vi fann i alle høve ingen teikn til overbeiting på denne staden.*»

Vidare vart det ved dette høvet registrert 15 artar beitemarksopp. I skildringa heiter det: «*Av desse synest m.a. lutvokssopp (NT) og særleg mørkskjela vokssopp (VU) å ha sine viktigaste leveområde i nettopp slike seterdalar.*» Også ramneraudspore (NT) var blant dei registrerte artane. «*Talet på artspoeng for beitemarkssopp var 13 både for aust- og vestvisa, og 21 for området som heilskap.*» Potensialet for fleire soppartar, også raudlista, er framleis utan tvil stort innanfor lokaliteten.

Ut over dette vart det ved besøket i 2015 registrert hekkande raudstilk nordvest for lokaliteten. I Artskart ligg ein del registreringar frå området, for det meste av fugl, samt nokre fleire soppartar enn det som er nemnd tidlegare, mellom anna semska raudspore (NT), vorteraudspore, raudgul småkøllesopp og engvokssopp. På Thorvaldsen registrerte den 29.06.2010 fjellmarinøkkel her. Det er også verd å nemne at oppe på toppen av bergveggen sørøst for lokaliteten (likevel godt utanfor lokaliteten) registrerte Stefan Ericsson 19.07.1991 to funn av sunnmørsmarikåpe (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta i Herdalen, og det er framleis mjølkegeit her oppe. Den ber framleis preg av å

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde

vere beita med fleire dyreslag, og er å rekne som svært verdfull. Noko av det som ligg nærmast husa har truleg i alle fall tidvis vore slåttemark. Fleire stader vart det registrert noko som ser ut til å vere mindre rydningsrøyser. Nær husa, samt i område med tett dyretrafikk er terrenget noko prega av slitasje, og stadvis også litt oppgjødsling. Den nordlege delen av lokaliteten nærmast vegen er stadvis noko prega av grøfting, og oppdyrkning, men det aller meste av dette er halde utanfor avgrensinga. Her går det også ein veg inn til setrene. I liene rundt lokaliteten er det einskilde spor etter hogst, og på markene finst nokre køyrespor etter traktor. Herdalssetrene er utgangspunkt for fleire turstiar.

Framande artar: Ingen registrerte

Del av heilskapleg landskap: Heile inste delen av Herdalen er nytta til beite. Det er godt beitetrykk og lite attgroing, og det vert framleis drive aktiv seterdrift og utmarksbeite med tradisjonelt preg. Innafor Herdalsvatnet har Herdalen ein stor open dalbotn som rommar oppdyrka enger, naturbeitemark og ei stor setergrend. Også lenger fram i Herdalen er det framleis tydeleg preg av beite (her er også registrert fleire verdfulle lokalitetar), noko som gjer at lokaliteten må sjåast på som ein del av eit større heilskapleg verdfullt intakt beitelandskap.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med same beitetrykk som no eller noko høgare er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane knytt til denne lokaliteten. Lauvskog kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje grøftast, pløyast, gjødslast eller sprøytaast. Det er også ein fordel om ein begrensar tilleggsforinga til dyra, då også dette i sin tur vil bidra til oppgjødsling. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandschap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 785 daa), middels vekt for raudlistearter og høg vekt på artsmangfald. Elles oppnår den høg vekt for tilstand og påverknad. Om ein her inkluderer talet på raudlista naturtypar og potensialet for fleire artar beitemarksopp, er det liten tvil om at lokaliteten skal ha verdien Svært viktig - A.



Figur 4. Stølshusa på Herdalssetrene. (Foto; Bioreg AS ©)



Figur 5. Biletet er teke aust for elva og viser områda framover mot Herdalsvatnet. Som ein ser er det store opne beiteområde her, også opp i fjellsidene. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 6. Aust for elva finst mindre rydningsrøyser. Dominerande artar er mellom anna gulaks, fjellmarkåpe og harerug. Flekkvis finst også noko lyng. (Foto; Bioreg AS ©)



Figur 7. Tydeleg kjeldepåverka parti dominert av stjernesildre og vanlege kjeldemosar. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 8. Opphavleg avgrensing merka med brun skravur og ny merka med raud. Som ein ser er noko areal næra husa halde utanfor, medan det er gjort nokre mindre justeringar elles.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J. B.	2001	Biologisk mangfald innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Rapport nr.: 2001:03		Litteratur

Lok. nr. 2. Botnen. Verdi: Svært viktig - A.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008445

UTM EUREF89 32V N 6900384 A 411105

Areal: 11 daa

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Naturbeitemark (100 %).**Utforming:** Fattig beitefukteng 100 %.**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombåde**Feltsjekk:** 09.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)**Avgrenningspresisjon:** < 20 meter. Identisk med tidlegare avgrensning.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.07.2015, i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 05.09.1995 og 02.10.1996 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at området framleis er svært verdfullt. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men ein god del av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. I Artskart er mange av registreringane i samband med den nemnde undersøkinga lagt inn. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombåde.

Lokalisering og naturgrunnlag: Botnen ligg litt nordvest for Damfossen, ved elvekanten ved vegen frå Norddal til Herdalen i Norddal kommune. Den er omkransa av skog og bratte fjellsider, og består av fuktige beitemarker i tillegg til seterhuset midt på vollen. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane av tjukke morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten på grensa mellom mellomboreal (MB) og nordboreal (NB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O1 og O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark av utforminga fattig beitefukteng (100 %). Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen Seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten består av ung bjørk og gråor og noko vier, for det meste i kantane av lokaliteten. I tillegg finst noko einer og gran. Dominerande artar er augnetrøyst, bakkesoleie, blåkoll, engkvein, følblom, gulaks, sølvbunke og tepperot. I

tillegg vart det mellom anna registrert blåklokke, bleikstorr, bråtestorr, firkantperikum, flekkmarihand, hårvæve, jonsokkoll, kornstorr prestekrage, ryllik, småengkall og tviskjegg-veronika. I kantane finst i tillegg fugletelg, hengeveng og skogstorkenebb.

I skildringa som ligg i Naturbase finn ein at «*lokaliteten var ein av de artsrikaste som vart funne i heile 1995-sesongen. Etter eit par nye artar i 1996 er det kjent heile 32 artar av beitemarkssopp (58 artspoeng). [...] Det var 13 raudskivesoppartar og 15 vokssoppartar. Videre vart det funne 67 planteartar, av desse 19 naturengplanter og 2 seterplanter. [...] Særleg interessant var det at grå narremusserong og gulbrun narrevokssopp fanst i slike mengder som vi ikkje har sett nokon annan stad*» Forutan dei nemnde artane grå narremusserong (EN) og gulbrun narrevokssopp (NT), er følgjande raudlista soppartar registrert; fiolett greinkøllesopp (VU), raudnande lutvokssopp (VU), raudskivevokssopp (NT) og askegrå raudspore (NT). Det er liten tvil om at potensialet for fleire raudlista beitemarkssopp framleis er svært godt på denne lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Rundt lokaliteten vart det ved besøket i 2015 registrert fleire rydningsrøyser, samt ein steingard. I fylgje Jordal og Gaarder (1999); «*Eldste omtale av denne buplassen er frå 1875, da var her ein buskap på 1 hest, 6 kyr, 2 kalvar, og 16 sauер og 2 grisar. Det er truleg at staden har vore rydda tidlegare. Den siste fastbuande flytta frå staden i 1906 (Kaste-Karl-Elias), dels på grunn av fonnefaren. Sidan vart enga slått av gardbrukarar frå bygda til først på 1930-talet. Seinare har Botnen vore beita, kyr beita til først på 1960-talet, deretter har det hovudsakeleg vore beita av sau til 1994. I 1995 vart det berre beita av hestar som hadde kome over elva, og i 1996 vart det ikkje beita i det heile. Dei siste 30 åra har det ikkje vore gjødsla, men det har truleg vore bruka noko kunstgjødsel før den tid. Kjelder: Norddal Bygdebok, Jostein Sande, Magda Engeset.*» Ved besøket i 2015 var lokaliteten beita av 50-60 geitekje. Beitetrykket var godt, og ungskogen vil med dette beitetrykket haldast i sjakk eller gå tilbake. Nord for lokaliteten var noko skog rydda, og også her var beitetrykket stadvis godt. Om geitebeitet held fram, bør ein ved seinare høve vurdere om lokaliteten skal utvidast noko nordover.

Framande artar: Gran er planta i området, men spreier seg ikkje innanfor lokaliteten grunna høgt beitetrykk.

Del av heilskapleg landskap: Sjølv om liene i det meste av dalen er attgrodd med skog, så beitar det framleis husdyr her, slik at det er ein viss samanheng mellom lokaliteten, beitemarkene kring Norddal lenger ned og Herdalssetrene lenger oppe i dalen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, om lag med same beitetrykk som i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog kan med fordel fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det er ein fordel om det vert rydda også ikring lokaliteten, då det her mellom anna finst steingardar som kan vera med å prega lokaliteten. Gamle flyfoto viser at så seint som i 1976 var det langt meir opent rundt husa enn kva det er i dag. Også gran i området må haldast under oppsikt. Enga må ikkje pløyast, gjødslast eller sprøytast. Heller ikkje tilleggsforing kan tilråast, da også dette vil bidra til oppgjødsling, samt auke faren for innføring av artar som mellom anna høymole.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 11 daa), høg vekt for raudlistearter og middels vekt for artsmangfald. Elles oppnår den middels vekt for tilstand og høg vekt for påverknad. Ut frå dette, samt naturtypen sin raudlistestatus, er det liten tvil om at verdien for denne lokaliteten framleis skal vere; Svært viktig - A.

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde



Figur 9. Bilete teke frå nord mot sørvest med huset til høgre i biletet. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 10. Litt av artsmangfaldet på lokaliteten. Akkurat her veks det mykje hårvæve, småengkall, harerug og teppe-rot i tillegg til mykje bakkesoleie. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 11. Den einaste frøspredde grana innanfor lokaliteten hadde fått ein grundig stuss. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 12. Sjølv om huset er fråflytta, er det i bruk likevel, no som geiteskjul. Då kartleggjaren kom inn på enga dukka desse nyfikne geitekillingane opp i vindauget som om dei ynskte velkommen til støls. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 13. Lokaliteten er merka med grønt. Den grensar til ein større lokalitet med rik edellauvskog i vest.

Kjelder

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J. B.	2001	Biologisk mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombraude. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Rapport nr.: 2001:03		Litteratur

Lok. nr. 3. Kallskarstølen. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008448

UTM EUREF89 32V N 6898960 A 413888

Areal: 12,5 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (70 %) ung blåbærskog 20 %, beitemyr 10 %

Utforming: Fattig beitefukteng 70 %, ung blåbærskog 20 %, fattig beitemyr 10 %

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombraude

Feltsjekk: 09.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo(siste)

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.07.2015, i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombraude. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 21.08.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre

og Romsdal. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at mykje av lokaliteten har tapt beitepreget eller er grodd att med skog. Avgrensinga er difor innskrenka til berre å gjelde områda næraast stølshusa. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit mindre område med beitemark kring stølshua på Kallskarstølen. Denne ligg høgt oppe på ei fjellhylle vest for Herdalsvatnet i Norddal kommune. Den består av beitemarker og noko skog i kantane, der innslaget av beiteplantar framleis er til stades, i tillegg til litt myr. Berggrunnen i området består av augnegneis, granitt, foliert granitt, og lausmassane for det meste av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i nordboreal (NB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O1 og O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (70 %). I tillegg finst noko ung blåbær-skog (om lag 20 %), og enkelte mindre område med beitemyr av utforminga fattig beitemyr (10 %) (inngår i naturtypen slåttemyr). Etter NiN går naturbeitemark inn i hovud-typen semi-naturleg eng (T 32), medan slåtte- og beitemyr går inn i hovudtypen seminaturleg myr (V9). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåttemyrflate, der også beitemyr er inkludert, er vurdert som; sterkt truga - EN i same liste.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er dominert av ung rogn og bjørk. Rundt kantane går lokaliteten over til ung bjørkeskog dominert av blåbær. Her finst også mellom anna finnskjegg, blålyng, krekling og røsslyng. Noko av dette kan ein truleg definera som gjengroande hei. I engene rundt huset vart det registrert mellom anna blåbær, bleikstorr, firkantperikum, fjellmarikåpe, fjelltimotei, gulaks, kattefot, skarmarikåpe, skogmarihand, småengkall, snauveronika, sølvbunke og tepperot. På nokre grunnlendte parti ovafor husa dominerer småsyre og bitterbergknapp. Den nedste delen av enga, ned mot skogen er dominert av mellom anna engsyre, firkantperikum, ymse marikåpeartar, rylik, skogburkne, skognelle, storsyre, torhjelm og vendelrot. Stadvis er det gradvise overgangar mot fattig myr med rome, småbjørneskjegg, molte, slåttestorr, stjernestorr og kvitlyng.

I tidlegare skildring i Naturbase heiter det: «*Det vart funne 72 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter og 6 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarksopp.*» (Den tidlegare avgrensinga omfatta som nemnd eit mykje større areal enn den nye).

Bruk, tilstand og påverknad: I følgje Stoknes (1995) var det drift på Kallskarstølen frå 1840 til først på 1900-talet, og sidan beiting fram til 1960-70-talet. I dag ber heile området sterkt preg av gjengroing, og det er truleg berre hjorten som i dag bidreg til beitet her oppe.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Setervollen er ei noko isolert beiteeng oppe på ei fjellhylle, men er likevel å rekne som ein del av det heilskaplege kulturlandskapet i Herdalen.

Skjøtsel og omsyn: gjenopptaking av husdyrbeite med mykje høgare beitetetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. Utan dette vil området gro att i løpet av kort tid. Lauvskog og lyng må hindrast i å spreie seg på lokaliteten. Også ymse bregnar og torhjelm kan med fordel haldast nede.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 12,5 daa), låg vekt for raudlisteartar og arts mangfald. Elles oppnår den middels til låg vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.



Figur 14. Stølshuset på Kallskarstølen. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 15. Gulaks saman med torhjelm og rognekratt. Her er attgroinga tydeleg. I bakgrunnen ser ein Heregga inst i Herdalen. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 16. Dei sentrale delane av lokalitetet har framleis preg av seminaturleg eng, her er stadvis ein god del gulaks, saman med mellom anna småengkall, fjelltimotei og fjellmarikåpe. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 17. Ny og gammal avgrensing.

Kjelder:

Navn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J. B.	2001	Biologisk mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Rapport nr.: 2001:03		Litteratur
Stoknes, S.	1995	Setrar i Norddal. En kulturhistorisk registrering og forslag til forvaltningsstrategi. Rapport. 156 s.		Litteratur

Lok. nr. 4. Haugset. Verdi: Lokalt viktig - C.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008348

UTM EUREF89 32V N 6889936 A 404813

Areal: 16 daa

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Naturbeitemark (100 %)**Utforming:** Fattig beitefukteng 100 %**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord**Feltsjekk:** 07.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo(siste).**Avgrensingspresisjon:** < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 07.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 02.08.2000 i samband med biologiske undersøkingar i Geiranger og Herdalen landskapsvernombord. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at området framleis er beita, men at avgrensinga bør endrast ein del, mest fordi områda innanfor steingjerda, som før var halde utanfor avgrensinga, no er inkludert i lokaliteten. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men ein god del av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av beitemarkene rundt Haugset, som ligg på ei fjellhylle høgt ovanfor nordsida av Geirangerfjorden, like ved Ørnesvingen, med godt utsyn over fjorden og Geiranger i Stranda kommune. Den består forutan beitemarkene av område med litt rasmark. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten på grensa mellom mellomboreal (MB) og nordboreal (NB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon (OC) med innslag av austlege trekk.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (90 %). Resten består av rasmark, også dette med innslag av område med naturbeitemark (om lag 10 %). Etter NiN går naturbeite-

mark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeite-mark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfald: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, og består av ein del ung bjørk saman med stadvis mykje einer i bakkane ovanfor setervollen. Mykje av vollen er elles i attgroing med artar som firkantperikum, hengeveng, skogstorkenebb, skogsnelle, store mengder lyng, særleg blåbær, samt små område med torjhjelm og bringebær. Stadvis er likevel beitetrykket godt, og ein finn artar som brudespore, finnskjegg, fjellmarikåpe fjelltimotei, gulaks, harerug, maiblom, raudsvingel, rylik, skarmarikåpe, småengkall, snauveronika, sølvbunke og tepperot. I tillegg vart det gjort funn av to eksemplar av kvitkurle (NT) nord i lokaliteten. I tidlegare lokalitetsskildring heiter det: «*Med 95 karplantar, av dei 15 natureng- eller seterplantar, er dette eit etter måten artsrikt område.*»

Det er ikkje registrert beitemarksopp på denne lokaliteten, berre røyksopp (Gaarder et al., 2001). Med dagens beitetrykk er potensialet for slike artar heller därleg.

Bruk, tilstand og påverknad: Områda nedanfor seterhusa har tidlegare vore pløygd, og i følgje tidlegare lokalitetsskildring også inngjerda. Her er det svake spor etter oppgjødsling, men området har dei seinare år ikkje vore i bruk, gjerda er tekne ned, og områda har i stor grad gått tilbake til natureng. Heile setervollen er prega av attgroing. Beitetrykket er lågt, og sjølv om det i dag er hjorten som står for det meste av beitet, er det framleis nokre få husdyr i området. Ein tursti kryssar lokaliteten.

Framande artar: Gran er planta i området (utanfor lokaliteten) og ser ut til å spreie seg.

Del av heilskapleg landskap: Tidlegare var denne lokaliteten ein del av kulturlandskapet på Mølsæter og Årset, som ligg lenger nede i lia. Lokaliteten er i dag isolert frå desse grunna attgroing med skog. Den er framleis synleg frå Geiranger sentrum og frå fjorden, og såleis ein viktig del av det heilskaplege landskapet rundt Geiranger.

Skjøtsel og omsyn: Skal dei attverande verdiane takast vare på her, er det naudsynt med mykje høgare beitetrykk enn kva det er i dag. Utan dette vil blåbærlyngen og skogen raskt få overtaket og dei biologiske verdiane slik gå tapt.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 16 daa) og låg vekt for raudlistearter og låg til middels vekt for arts mangfald. Elles oppnår den låg vekt for tilstand, og låg til middels vekt for påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig – C.



Figur 18. Frå toppen av lokaliteten og nedover mot stolshusa. Geiranger sentrum ligg bak hytta midt i biletet. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 19. Kvitkurle vart registrert i den søraustlige delen av lokaliteten. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 20. Ny avgrensning merka med raudt og gammal avgrensning merka med grønt.

Kjelder:

Navn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Gaarder, G. et al.	2001	Biologiske mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvern-område. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapp. No 3-2001. 82 s		Litteratur
Norderhaug, A. et al.	2004	Storfjordprosjektet - Fagrappport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	2001	Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg		Litteratur

Lok. nr. 5. Kilstisetra. Verdi: Viktig - B.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN000008426

UTM EUREF89 32V N 6904734 A 402453

Areal: 83 daa

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Naturbeitemark (50 %), boreal hei (30 %) slåttemyr (20 %).**Utforming:** Fattig beiteeng 40 %, fattig beitefukteng 10 %, fattig boreal hei 30 %, fattig slåttemyr 20 % (denne er å rekne som beitemyr).**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde**Feltsjekk:** 07.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.**Avgrensingspresisjon:** < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 07.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 12.09.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Etter undersøkingane i 2015 er lokalitetsskildringa oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg fint til ved nordvestenden av Kilstivatnet på vestsida av Eidsdalen i Norddal kommune. Den er registrert som naturbeitemark, for det meste med fuktige og noko turrare enger i skråningane nedanfor stølshusa, samt ein del beiteprega heiområde og myrer. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998) ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (40 %), men også med innslag av fattig beitefukteng (10 %). I tillegg finst ein del fattig boreal hei 30 % og beitemyr (inngår i naturtypen slåttemyr) av utforminga fattig beitemyr (20 %). Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen Seminaturleg eng (T 32). Boreal hei er ein eigen type også i NiN (T 31). Beite- og slåttemyr inngår i hovudtypen seminaturleg myr (V9). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan naturtypane boreal hei er vurdert som; Datamangel - DD i same liste. Slåttemyrflate (der også beitemyr er inkludert), er vurdert som sterkt truga - EN.

Artsmangfald: Tresjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, medan busksjiktet består av ein del ung furu, einer og vier i fuktige parti. Partia med boreal hei er for det meste fattige og dominert av lyng, men stadvis med mykje finnskjegg. Også myrene er fattige og dominert av vanlege artar som stjernestorr, slåttestorr, duskull og torvull. Areal mellom tuvene i den boreale heia, samt i store parti nedanfor seterhusa må definerast som naturbeitemark. Denne er dominert av artar som engkvein, gulaks, fjelltimotei, tepperot og sølvbunke. I tillegg finst mellom anna bakkefrytle, blåklokke, blåkoll, bråtestorr, fjellmarikåpe, heiblåfjør, kornstorr, kvitkløver, lækjeveronika, marinøkkel, prestekrage, småengkall og trefingerurt. Ned mot vatnet er engene fuktigare og får innslag av mellom anna stjernestorr og trådsiv.

Ut frå tidlegare lokalitetsskildring ser ein at det vart funne 63 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter og 4 seterplanter. Frå denne skildringa heiter det at «*Marinøkkel er i dag sjeldan å finna i seterlandskapet på Sunnmøre*». Det vart ved undersøkninga i 1997 funne 24 artar av grasmarkssopp, av desse 12 beitemarksopp (19 artspoeng). Ein del av desse er også registrert i Artskart, og ein kan mellom anna nemne gulbrun narrevokssopp (NT), bronseraudspore, lillagrå raudspore (NT), storpora raudspore (berre 17 funn i Noreg på Artskart 14.01.2015), brunfnokka vokssopp og mørkskjela vokssopp (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta på Kilstisetra. Områda rundt lokaliteten er no for det meste attgroande med ungskog, men både sjølve setervollen, myrene rundt, og heiene ovafor seterhusa har framleis fint beitepreg, sjølv om beitetrykket let til å ha gått noko ned i løpet av dei seinaste åra. Fleire turstiar kryssar lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten heng saman med beite- og slåtteengene på Kilstigardane, sjølv om ein del av områda langs Kilstivatnet er attgrodde med skog, og denne sammhengen er svekka i høve til tidlegare.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog, einer og ungfur kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøyta. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandskap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 83 daa), middels vekt for raudlistearter og middels til låg vekt for arts mangfald. Elles oppnår den også middels vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde



Figur 21. Frå sør mot nord i lokaliteten. Nede ved vatnet finst overgangar mot myr og fuktenger. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 22. Frå vest mot søraust i lokaliteten. Det relativt store vatnet vi ser på biletet er Kilstivatnet. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 23. Marinøkkel er i fylge Jordal og Gaarder (1999), ei noko uvanleg plante i seterlandskapet på Sunnmøre. På Kilstisætra fanst fleire individ. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 24. Lokaliteten er merka med grønt.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur

Lok. nr. 6. Verpesdalen. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008419

UTM EUREF89 32V N 6905632 A 402127

Areal: 1,5 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark 100 %.

Utforming: Fattig beiteeng

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord

Feltsjekk: 06.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 12.09.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at denne lokaliteten, slik det også var skildra i 1997 er «ute av drift og er i kraftig attgroing.» No er denne attgroinga komen så langt at det berre er små verdiar att i enkelte kantsoner av lokaliteten. I tillegg er ein del av areala grodd att med skog og andre er pussa med beitepußar utan at graset vert fjerna frå marka. Av den grunn er lokaliteten redusert til å berre omfatte eit lite areal lengst aust i Verpesdalen, der det framleis er eit visst beitetrykk. I tillegg er eit lite område i nord skildra som gamal slåttemark. Resten av lokaliteten er føreslegen sletta frå Naturbase. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inst i Verpesdalen på nordsida av Verpesdalsvatnet i Norddal kommune, og består av ei lita eng ned mot vatnet avgrensa av skog og vatn på alle kantar. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og klart oseansk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen naturbeitemark av utforminga fattig beiteeng (70 %) og innslag av fattig beitefukteng (30 %) ned mot vatnet. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011.

Artsmangfold: I tre- og busksjiktet finst ein del bjørk, særleg i kantane av lokaliteten. Den nordlegaste delen av lokaliteten er stadvis dominert av strandrøyr, men her finst også artar som blåklokke, prestekrage, smalkjempe, lintorskemunn, småengkall, ryllik, engkvein, sølvbunke og gulaks. Området vart ikkje særleg grundig undersøkt i 1997, og det vart ikkje påvist beitemarksopp. Truleg er det eit visst potensiale for denne artsgruppa innanfor lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er i dag ikkje i bruk, og beitetrykket er svakt. Det er truleg hjorten som står for det meste av beitinga her. Skogen spreier seg inn på lokaliteten frå kantane, og om beitet ikkje vert teke opp att, er verdiane her borte om få år. Ein tursti går langs den nordlege kanten av lokaliteten. Langs den austre kanten går eit steingjerde mot skogen.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det som ein gong var eit stort kulturlandskap i Verpesdalen. Både innmarka og mykje av skogen og liene rundt ber tydeleg preg av tidlegare tiders jordbruk, med stort grasinnslag i skogen i tillegg til mange styvingstre (for det meste bjørk). Det meste av dette er no grodd att. Ein del av engene er framleis slått med motorslåmaskin, men avlinga vert ikkje fjerna. Det finst likevel fragment av det gamle kulturlandskapet i kantonene.

Skjøtsel og omsyn: Om området ikkje skal gro att, må skogen ryddast og beitet takast opp att. Alternativt kan ein vurdere skjøtsel ved slått, då gjerne av større område i Verpesdalen. Utan dette vil verdiane her forsvinne i løpet av få år. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøytast. Også fleire av areala som no er haldne utanfor lokaliteten, og særleg dei knytte til dei to inste brukna i Verpesdalen, har framleis eit visst restaureringspotensiale, både om dei vert nytta til beite og til slått. Ved slått er det viktig at avlinga vert fjerna, og ikkje vert liggjande att på engene.


Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels vekt for areal (om lag 1,5 daa) og låg vekt for raudlistearter, artsmangfald og tilstand. Den oppnår middels vekt på påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.



Figur 25. Lokaliteten sett frå vest mot aust. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 26. Steingjerdet i aust. Her skimtar ein innmarka i bakkant. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 27. Den opphavlege lokaliteten er merka med grønt, medan dei to små områda som er att, og som framleis er skildra i Naturbase er merka med raud. Denne skildringa gjeld den sørlegaste av desse to. Resten av lokaliteten er anten grodd att med skog eller strandrøyr, eller slått med slåmaskin utan at graset er fjerna. Det er likevel eit visst restaureringspotensiale knytt til engene på dei inste brukta, om beite/slått vert teke opp att raskt.

Lok. nr. 7. Verpesdalen: Paradis. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6905734 A 402095

Areal: 0,45 daa

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Slåttemark 100 %.**Utforming:** Fattig slåtteeng**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord**Feltsjekk:** 06.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.**Avgreningspresisjon:** < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.09.2015, i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten vart undersøkt etter tips frå Jon Olav Breivik som har hus i Verpesdalen. Den ligg litt utanfor den opphavlege avgrensinga av lokaliteten i Verpesdalen, men er ikkje like mykje prega av attgroing som resten av området. Heile Verpesdalen er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 12.09.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal, og dei skildra i 1997 området som «ute av drift og er i kraftig attgroing.» Av den grunn er den opphavlege lokaliteten redusert til berre å omfatte eit lite areal lengst aust i Verpesdalen der det framleis er eit visst beitettrykk, medan resten av lokaliteten er føreslegen sletta frå Naturbase. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnslag: Lokaliteten ligg inst i Verpesdalen litt nord for Verpesdalsvatnet i Norddal kommune, og består av ei lita eng avgrensa av skog på alle kantar. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeng (100 %). Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan slåtteeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova

Artsmangfold: Rundt lokaliteten står skogen tett, og denne består for det meste av ung bjørk og osp. I enga dominerer artar som prestekrage, smalkjempe, gulaks, ryllik og firkantperikum. I tillegg finst mellom anna blåklokke, bråtestorr, bleikstorr, engkvein, nattfiol (ikkje bestemt til art), sølvbunke, blåkoll, tepperot, tviskjeggveronika og bringebær. Mosedekket er godt, og ein reknar med at det er et visst potensiale for beitemarksopp her.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er i dag ikkje i bruk, og ber tydeleg preg av byrjande attgroing. Det er truleg hjorten som står for det meste av beitet her, og beitettrykket er svakt. Det er likevel igjen tvil om at lokaliteten har vore slått tidlegare. Artane har jamn fordeling og strukturen i enga er flat og utan tuver. Osp og bringebær frå kantane er i ferd med å spreie seg inn på lokaliteten. I følgje nemnde Breivik, så er dette det einaste arealet som er att med markblomar på heile eigedommen. Han nemnde også at det kan vere aktuelt å ta opp att slåtteskjøtselet på denne lokaliteten, samt fjerne skogen ned mot stigen slik at den vert synleg derifrå.

Framande artar: Ingen registrerte.


Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det som ein gong var eit stort kulturlandskap i Verpesdalen. Det meste av dette er no grodd att. Ein del av engene er framleis slått med motorslåmaskin, men avlinga vert ikkje fjerna. Det finst likevel fragment av det gamle kulturlandskapet i kantsonene.

Skjøtsel og omsyn: Om området ikkje skal gro att, må skogen rundt lokaliteten ryddast og skjøtselen takast opp att, eller helst med slått. Særleg viktig er det å hindre at osperrenningar får spreie seg inn på heile lokaliteten. Utan dette vil verdiane her forsvinne i løpet av få år. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøytast.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (om lag 0,45 daa), typevariasjon, raudlistearter og artsmangfald. Den oppnår låg til midtdeles vekt på påverknad og tilstand, og høg vekt på landskapsøkologi. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig – C, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert teke opp att.



Figur 28. Lokaliteten sett frå vest mot aust. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 29. Den opphavlege lokaliteten er merka med grønt, medan dei to små områda som er att, og som framleis er skildra i Naturbase er merka med raud. Denne skildringa gjeld den nordlegaste av desse to, Paradis. Resten av lokaliteten er anten grodd att med skog eller strandrør, eller slått med slåmaskin utan at graset vert fjerna.

Munnleg kjelde:

Jon Olav Breivik

Lok. nr. 8. Verpesdalsetra. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008422

UTM EUREF89 32V N 6904734 A 402453

Areal: 60 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (40 %), boreal hei (30 %) slåttemyr (20 %).

Utforming: Fattig beiteeng 20 %, fattig beitefukteng 20 %, fattig boreal hei 30 %, fattig slåttemyr 30 % (denne er å rekne som beitemyr).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 07.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 07.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 12.09.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Etter undersøkingane i 2015 er lokalitetsskildringa oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei slak hallande fjellside eit stykke ovafor Skrenakken ved Norddalsfjorden vest for Eidsdal i Norddal kommune. Den er registrert som naturbeitemark, for det meste med fuktige og noko turrare enger i skråningane nedanfor stølshusa, samt ein del beiteprega heirområde og myrer. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark (40 %) av utformingane fattig beiteeng (20 %) og fattig beitefukteng (20 %). I tillegg finst ein del fattig boreal hei 30 % og beitemyr (inngår i naturtypen slåttemyr) av utforminga fattig beitemyr (30 %). Boreal hei og naturbeitemark opptrer mange stader i finskala mosaikk. Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen Seminaturleg eng (T 32). Boreal hei er ein eigen type også i NiN (T 31). Beite- og slåttemyr inngår i hovudtypen seminaturleg myr (V9). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan naturtypene boreal hei er vurdert som; Datamangel - DD i same liste. Slåttemyrflate (der også beitemyr er inkludert), er vurdert som sterkt truga - EN.

Artsmangfold: Tresjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, medan busksjiktet består av ein del ung bjørk (mest fjellbjørk), og stadvis mykje einer, samt noko vier i fuktige parti. Partia med boreal hei er for det meste fattige og dominert av lyng, men stadvis med mykje finnskjegg. Også myrene er fattige og dominert av vanlege artar som duskull, slåttestorr, stjernestorr og torvull. Mellom tuvene i den boreale heia, samt i store parti nedanfor seterhusa finst naturbeitemark. Denne er dominert av artar som engkvein, fjelltimotei, gulaks, sølvbunke og tepperot. I tillegg finst mellom anna bakkefrytle, blåklokke, blåkoll, bråtestorr, fjellmarikåpe, heiblåfjør, kornstorr, kvitkløver, lækjeveronika, småengkall og trefingerurt. I fuktigare parti får engene i tillegg innslag av mellom anna stjernestorr og trådsiv.

I tidlegare lokalitetsskildring finn ein at 43 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (t.d. kjertelaugnetrøst) og 3 seterplanter. Det vart ved undersøkninga i 1997 funne 16 artar av grasmarksopp, av desse 9 beitemarksopp (12 artspoeng). Ein del av desse er også registrert i Artskart, og ein kan mellom anna nemne brunfnokka vokssopp, lillabrun raudspore (VU) og sumpraudspore. I lokalitetsskildringa er det i tillegg omtala funn av semska raudspore (NT). Det vart ikkje funne beitemarksopp i 2015, men ein reknar med at det framleis er eit visst potensiale for slike artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta på Verpesdalssetrene. Det er tre ulike sel her oppe, og områda næraast husa er delt inn i teigar og gjerda inne med steingardar. Her var det i følgje Emma Vågsæter, som kjem frå Verpesdalen, tidlegare drive slått. Både beitemarkene og den boreale heia er i dag stadvis attgroande med einer og lyng. Stadvis er det likevel fint beitepreg. Dette gjeld også for myrene, som tydeleg ber preg av heitet i området. Ein tursti kryssar lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten består av eit beiteområde på og rundt sjølve ster vollane på Verpasdalssetrene, men ligg elles isolert frå andre liknande lokalitetar.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med mykje høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog og einer kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing, særleg inne på setervollane. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøytast.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 60 daa), middels til låg vekt for raudlistearter og låg vekt for artsmanifold.

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde

Elles oppnår den låg til middels vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.



Figur 30. Frå aust mot vest i lokaliteten. Fotografen står i lia opp mot Kilstiheia. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 31. Lokaliteten er merka med grønt.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur

Lok. nr. 9. Osvik. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008414

UTM EUREF89 32V N 6906834 A 412493

Areal: 19,5 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (70 %), hagemark (30 %).

Utforming: Fattig beitetørreng 50 %, fattig beiteeng 20 %, fattig hagemark med boreale tre 30 %.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 05.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 05.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 20.08.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at mykje av lokaliteten har tapt beitepreget eller er grodd att med skog. Avgrensinga er difor innskrenka til mest berre å gjelde område med tørrbakkar og bergknausar. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit flatt parti med beitemarkar og bergknausar rundt dei to gardsbruka i Osvika rett over fjorden for Fjørå i Norddal kommune. Den består av beitemarker og noko skog, der ein del beiteplantar framleis er til stades, samt nokre bergknausar som er meir eller mindre fri for vegetasjon. Berggrunnen i området består av augnegneis, granitt, foliert granitt, og lausmassane er for det meste tynne og stadvis usamanhengande. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitetørreng (50 %), med innslag av fattig beiteeng (om lag 20 %) der lausmassane er noko tjukkare. I tillegg finst ein del skog innanfor lokaliteten. Denne er å rekne som hagemark av utforminga fattig hagemark med boreale tre (om lag 30 %). Etter NiN går naturbeitemark og hagemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark og hagemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten består i all hovudsak av bjørk og furu, stadvis med innslag av svært ung rogn som for det meste er halden nede av hjorten. Inne i skogen finst ei blanding av lyng og artar som blåknapp, smyle, stormarimjelle, sølvbunke og tepperot. I dei opnare partia dominerer artar som blåknapp mange stadar saman med mellom anna bakkefrytle, engsmelle, firkantperikum, fjellmarikåpe, geitsvingel, gulaks, lækje-veronika, ryllik, skogmarihand, smallkjemp, småengkall og sølvbunke. I tillegg finst mellom anna blåklokke, blårapp, hårvæve, knegras, lintorskemunn, nattfiol (ubestemt), prestekrage, småbergknapp, småsmelle, sølvmure og tiriltunge. Av beitemarksopp vart det registrert liten mønjevokssopp, samt eit par andre vokssoppar som var for nedbrotne til å la seg namnsetja. Ein vurderer potensialet å vere til stades for fleire artar av beitemarksopp her, om enn noko svakt, mest grunna manglande beite.

Bruk, tilstand og påverknad: Det meste av lokaliteten ber preg av attgroing, men noverande eigarar held i alle fall skogen unna dei bergkanusane som ligg nærest husa. Litt av lokaliteten er også truleg slått år om anna. Om graset vert fjerna eller vert liggjande er uvisst. Dei delane av den tidlegare lokaliteten som no er haldne utanfor den nye avgrensinga, er anten prega av sterkt attgroing med høgt gras, mjødurt og bringebær, eller slått med plenklippar eller likande reiskap og er grunna dette kraftig oppgjødsla. Beitettrykket er svært lågt og det er truleg berre hjorten som i dag bidreg til beitet her.

Framande artar: Cypress, eple, morell og rynkerose.

Del av heilskapleg landskap: Osvika utgjer i dag eit lite og isolert kulturlandskap omgjeve av bratte fjellsider på sørssida av Norddalsfjorden. Både innmarka og mykje av skogen og liene rundt ber tydeleg preg av tidlegare tiders jordbruk, med styvingstre (både bjørk og edellauvtre), beitemarksareal og oppbygde terrassar der det tidlegare har vore drive slått. Det aller meste av skogen i liene her har eit betydeleg innslag av gras, slik at det er klart at Osvika er ein del av det som tidlegare var eit større samanhengande kulturlandskap. Langs vegen frå Osvika til Kastet ligg ei høylo, og ca. 1 km aust for Osvik, vart det funne ei lita tørreng med bergmynte, blåklokke, engtjøreblom, lintorskemunn, lodnerublom, smalkjempe, smørbusk, småbergknapp, svartburkne, sølvture, tiriltunge, tågebær og vill-lauk.

Skjøtsel og omsyn: Gjenopptaking av husdyrbeite er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. Alternativt kan sein slått kombinert med fjerning av avlinga (helst etter bakketurking) vurderast. Utan dette vil området gro att. Skogen må hindrast i å spreie seg ytterlegare på lokaliteten.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 19,5 daa), låg vekt for raudlistearter og middels vekt for artsmangfold. Elles oppnår den middels til låg vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette vert lokaliteten verdisett som; Lokalt viktig - C.



Figur 32. Frå vest mot aust. Oppe i lia skimtar ein det andre gardsbruket innanfor lokaliteten. Her dominerer artar som blåknapp, rylik og småengkall. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 33. Rett nord for fjøsveggen på det vestligaste bruket finst mellom anna mykje skogmarihand. Lenger bak husa skimtar ein delar av den tidlegare lokaliteten som no er slått og kraftig oppgjødsla. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 34. Styva bjørk i skogen noko aust for gardane i Osvika. Legg elles merke til grasdekket i skogen her. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 35. Ny avgrensning merka med raudt og gammal avgrensning merka med grønt. Enga lengst vest i den opphavlege avgrensinga let i dag til å vere nyttet til forproduksjon.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Ansok, S.	1970	Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.		Litteratur
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur

Lok. nr. 10. Kastesetra. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008417

UTM EUREF89 32V N 6906212 A 412879

Areal: 10 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (100 %)

Utforming: Fattig beitefukteng 70 %, fattig beiteeng 20 %, fattig beitetørreng 10 %.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 05.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrenningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 05.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

landskapsvernombordet. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 20.08.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombordet

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit flatt parti med beitemarkar og bergknausar kring stølshusa på Kastesetra, høgt ovanfor Osvika og Kastet, på sørsida av Norddalsfjorden i Norddal kommune. Den består av vekselfuktige beitemarker, delvis attgrodd med lyng, i tillegg til nokre bergkanusar med innslag av tørrenger. Berggrunnen i området består av augnegneis, granitt, foliert granitt, og lausmassane er for det meste tynne og stadvis usamanhengande, men truleg med innslag av noko morene i søkk i terrenget. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (70 %), med innslag av fattig beiteeng (20 %) og fattig beitetørreng (10 %) der jordsmonnet er tynnare og meir usamanhengande. Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er svært sparsamt, og kantsonene rundt lokaliteten er i all hovudsak dominert av bjørk, med nokre innslag av furu. Nedanfor setra er det ein del grov furuskog, opp til 1 meter i stammediameter i brysthøgd (stammeomkrins 3,05 m målt med stålmaßeband i 1997). Innmarka er stadvis, og særleg i kantane, attgrodd med lyng, og nokre parti også med einstape. I tillegg veks spreidd noko torhjelm, og i fuktige parti ein del vierkratt, slåttestorr, trådsiv og myrtistel. Nær seterhusa finst små areal med tett nitrofil vegetasjon av stornesle og bringebær. Ut over dette dominerer artar som augnetroyst sp., bakkefrytle, firkantperikum, følblom, gulaks, ryllik, sølvbunke og tviskjeggveronika. Av andre artar kan nemnast blåknapp, blåklokke fjelltimotei, harerug, kystmaure, lækje-veronika, smyle, småengkall og tepperot. I dei turre partia finst i tillegg artar som finnskjegg, fjellmarikåpe og geitsvingel. Det vart ikkje registrert sopp ved besøket i 2015, men ein reknar potensialet for å vere til stades for slike artar, om enn svakt, mest grunna manglende beiting. I tidlegare lokalitetsskildring heiter det at «*Det vart funne 72 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (t. d. harerug, knegras og småengkall) og 3 seterplanter. I tørrbakkar og grunnlendte berg ved husa m. a. kattefot, lækjeveronika og småbergknapp. Det vart funne 5 vanlege artar av grasmarkssopp, av desse 3 beitemarkssopp (3 artspoeng).*

Bruk, tilstand og påverknad: Bjørlykke (2013) nemner at Kastesetra fyrste gong er omtalt i kjeldene i 1723, og at både Kastet og Littlehjellen hadde seter her oppe. I følgje Jordal & Gaarder (1999) var setra i bruk til 1950-talet da gardane i området (Kastet og Littlehjellen i Osvik) vart fråflytta. Det meste av lokaliteten ber preg av attgroing og lågt beitetetrykk. Truleg er det hjorten som står for det meste av beitet her oppe. Husa er haldne i hevd og ein del skog rydda bort, særleg på nedsida av seterhusa.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Kastesetra utgjer i dag ein rimeleg isolert lokalitet omgjeve av bratte fjellsider på sørsida av Norddalsfjorden. Både innmarka og mykje av skogen og liene rundt ber tydeleg preg av tidlegare tiders jordbruk, med styvingstre (både bjørk og edellauvtre), beitemarksareal og oppbygde terrassar der det tidlegare har vore drive slått. Det aller meste av skogen i liene her har eit betydeleg innslag av gras, slik at det er klart at lokaliteten tidlegare i langt større grad var ein del av kulturlandskapet i Osvika. Langs vegen frå Osvika til Kastet ligg ei høyløe, og ca. 1 km aust for Osvika, vart det funne ei lita tørreng med berg-

mynte, blåklokke, engtjæreblom, lintorskemunn, lodnerublom, smalkjempe, smørbusk, småbergknapp, svartburkne, sølvture, tiriltunge, tågebær og vill-lauk.,.

Skjøtsel og omsyn: Gjenopptaking av husdyrbeite med langt høgare beitetrykk enn i dag, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. Utan dette vil området gro att. Skogen må hindrast i å spreie seg ytterlegare på lokaliteten. Det same gjeld for artar som torjhjelm og einstape. Lettaste måten å ta knekken på einstape på, er å slå den ned med ein kjøpp om våren.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 10 daa), låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Elles oppnår den middeles til låg vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.



Figur 36. Stølshusa og beitemarkene på Kastesetra. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 37. Enkelte stadar er det rimeleg godt beitetrykk. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 38. Kastesetra. Det gamle Kastesetet (rive i 1924) og landskapet rundt. Geitene heldt skogen nede den gongen. Legg merke til dei store furutrea som stod her også da. Frå Astor Furseth sitt fotoarkiv. Biletet er skanna frå boka; Kastet – Fjordgard og verdsarv. Bjørlykke Forlag AS.



Figur 39. Lokaliteten er merka med grøn.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Ansok, S.	1970	Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.		Litteratur
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Bjørlykke, L.R.	2013	Kastet – Fjordgard og verdsarv. Bjørlykke Forlag AS.		Litteratur

Lok. nr. 11. Korsneslia. Verdi: **Viktig - B.**

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008425

UTM EUREF89 32V N 6905054 A 414493

Areal: 2,1 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (100 %)

Utforming: Fattig beiteeng 80 %, fattig beitetørreng 20 %.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombområde.

Feltsjekk: 06.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

landskapsvernombordet. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 20.08.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Avgrensinga er utvida noko nedanfor seterhusa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombordet.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av ein liten seterstøl om lag 390 meter over havet oppe i ei relativt bratt, nordvendt fjordli på vestsida av Tafjorden i Norddal kommune. Det går sti og løypestreng frå Korsnes. Den består av vekselfuktige beitemarker, delvis attgrodd med høgstaubar, i tillegg til nokre bergknausar med innslag av tørrenger og eit par små kjeldepåverka parti. Berggrunnen i området består av augnegneis, granitt, foliert granitt, og lausmassane består for det meste av tynne morenemassar, men truleg med innslag av noko morene i søkk i terrenget og er på knausane tynne og usamanhengande. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (80 %), med innslag av fattig beitetørreng (20 %) der jordsmonnet er tynnare og meir usamanhengande. Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er svært sparsamt med litt einer og eit par bjørketre, og kantsonene rundt lokaliteten er dominert av bjørk. Innmarka er stadvis attgroande med noko torhjelm. Ut over dette er feltsjiktet dominert av artar som augnetroyst sp., blåklokke, gulaks, harerug, raudkløver og småengkall, i tillegg til artar som, bakkefrytle, fjelltimotei, følblom, knegras, kystmaure, lækjeveronika, smalkjempe, nokre få eksemplar av marinøkkel, ryllik, sølvbunke og tepperot. I dei turre partia finst i tillegg artar som fjellmarikåpe, småsyre og geitsvingel. I fuktige og meir kjeldepåverka parti finst noko dvergjamne, fingerstorr, myrfiol, myrtistel og skogsnelle. Innanfor mykje av lokaliteten finst svært unge bjørkerenningar, i tillegg til eit par stubbar av bjørk. I lokalitetsskildringa for Kilstisetra, ein kulturmarkslokalitet lenger vest i kommunen heiter det at «*Marinøkkel er i dag sjeldan å finna i seterlandskapet på Sunnmøre*».

I Artskart er det frå tidlegare registrert ein art av nordsjøsværer i samband med undersøkinga i 1997. I 2015 vart det registrert honningvokssopp, ein ubestemt art av raudspore (Entoloma) og ei ubestemt jordtunge. Ein reknar potensialet for fleire artar av beitemarksopp å vere til stades framleis på denne lokaliteten.

I ei tidlegare lokalitetsskidring heiter det: «*Det vart funne 64 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (m. a. brudespore, smalkjempe, småengkall og ein art av hårvævegruppa) og 2 seterplanter. Det vart funne 3 artar av grasmarkssopp, av desse 1 beitemarksopp (mørktanna raudskivesopp).*

Bruk, tilstand og påverknad: Seterhusa vart flytta hit i 1906 frå Gamlesetra som ligg 200 m ovafor Korsneslia. Selet er det einaste bevarte steinselet i Norddal. Setra var i bruk til 1945, medan Korsneset vart fråflytta i 1946 (Stoknes, 1995). Vidare opplyser same kjelde at arealet blir slått. Jordal og Gaarder (1999) opplyser at arealet ikkje var slått i 1997. Lokaliteten ber i dag tydeleg preg av at den er slått år om anna. Truleg er det hjorten som står for det meste av beitinga her oppe. Husa er haldne i hevd, og ein del skog er rydda bort, særleg på nedsida av seterhusa. Det meste av lokaliteten ber likevel noko preg av attgroatning. Beitemerket er for det meste lågt, men stadvis også godt.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Korsneslia utgjer i dag ein rimeleg isolert lokalitet omgjeve av skog og bratte fjellsider på vestsida av Tafjorden. Både innmarka og mykje av skogen og lieine rundt ber tydeleg preg av tidlegare tiders jordbruk, med styvingstre, (både av bjørk og edel-

lauvtre), beitemarksareal og bakkemurar der det tidlegare har vore drive slått. Det aller meste av skogen i liene her har eit betydeleg innslag av gras, slik at det er klart at lokaliteten tidlegare i langt større grad var ein del av kulturlandskapet på Korsneset.


Skjøtsel og omsyn: Gjenopptaking av husdyrbeite med noko høgare beitetrykk enn i dag, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. eventuelt kan sein slått kvart år, med fjerning av avlinga vurderast. Utan dette vil området gro att. Skogen må hindrast i å spreie seg på lokaliteten. Det same gjeld for artar som torhjelm og bringebær.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels til høg vekt for areal (om lag 2,1 daa) og låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Elles oppnår den middels vekt for tilstand og middels til høg vekt for påverknad. Ut frå dette saman med potensialet for sjeldne og raudlista artar av sopp, samt naturtypen sin raudlistestatus og nærliken til lokaliteten på Korsneset, oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B. Denne verdien er noko svak, og vil raskt kunne verta redusert utan skjøtsel.



Figur 40. Korsneslia fotografert frå aust mot vest. I framgrunnen ser ein steinselet som er flytta hit frå ein stad lenger oppe i lia. (Foto; Bioreg AS ©).

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde



Figur 41. Gamal avgrensing merka med grønt og ny avgrensing med raudt.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Stoknes, S.	1995	Setrar i Norddal. En kulturhistorisk registrering og forslag til forvaltningsstrategi. Rapport. 156 s.		Litteratur

Lok. nr. 12. Kastet nord. Rik edellauvskog. Verdi: Viktig - B.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6905918 A 413751

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Rik edellauvskog (100%)

Utforming: Gråor-almeskog.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 05.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa ved bruk av GPS.

Areal: 23,5 daa

Lokalitetsskildring:

Innleining: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 05.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Lokaliteten er ikkje tidlegare grundig undersøkt, men vart fanga opp i

samband med undersøking av tidlegare registrert lokalitet med naturbeitemark på Kastet. Den tidlegare naturbeitemarkslokaliteten er føreslegen sletta, då denne no er å rekne som attgrodd, for det meste med nesler og brigebær. Innanfor denne avgrensinga, mellom engene på Kastet, finst likevel eit areal med planta almetre. Dette området vart ved undersøkingane i 2015 definert som rik edellauvskog. Området er tidlegare også omtala i Gaarder et.al. (2001). Lokalitten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for husa på Kastet på vestsida av Ta-fjorden i Norddal kommune og består av område med rasmak samst noko tidlegare slåtte- og beitemark. Dei små områda som tidlegare var slått og beita, er no som resten av innmarka på Kastet, grodd att med nitrofile artar slik som nesler, bringebær og mjødurt. Berggrunnen består i fylge berggrunnkartet for det meste av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, medan lausmassane i fylge lausmassekartet består av tynne morenemassar. Det er likevel klart at lokaliteten, slik som resten av Kastet har betydelege mengder rasmateriale, og er påverka av noko meir baserikt sigevatn, slik at jorda verkar å vere svært feit og grøderik. Moen (1998) plasserer lokaliteten i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1) og i sørboreal (SB) vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rik edellauvskog av utforminga gråor-almeskog (100 %). Denne naturtypen er valt i fyrste rekke grunna førekommstar av (og stort potensiale for fleire) sjeldne og raudlista artar knytt til gamle styva almer, og til ein viss grad også gamle, grove seljer innanfor lokaliteten, og ikkje ut ifrå dominans av edellauvtre. Alternativt kunne ein vurdert gamal edellauvskog som naturtype her. Etter NiN er lokaliteten å rekne som hovudtypen fastmarksskogsmark (T4) og grunntypen høgstaudeskog (T4-C-18). Riktig nok er det enkelte areal her som framleis ligg tettare opp til kulturmarkseng (T32) av dei svakt kalkrike til kalkrike typane.

Artsmangfald: Tresjiktet er dominert av gråor saman med noko bjørk. I tillegg finst mange store tre av alm (VU) og seljer innanfor lokaliteten, samt noko hegg og rogn. På dei undersøkte almetrea vart det mellom anna registrert kveilmose, almelundlav og grynvrente, samt noko lungenever spreidd. Også bleikdoggnål (NT) vart påvist i sprekken i borken på eit av trea. I tillegg vart det registrert almebroddsopp (VU) på daud ved inne i fleire trestammar. Det vart også registrert fleire artar av sopp som framleis ikkje er namnsett. Artane er delvis namnsett av John Bjarne Jordal. Ein reknar potensialet for fleire sjeldne og raudlista artar knytt til dei styva almetrea som stort. I feltsjiktet dominerer nesler for det meste. I tillegg vart det registrert mellom anna enghumleblom, hundegras, kratthumleblom, kvein sp., marigras, skogstjerneblom, skogsvinerot, sølvbunke og torhjelm.

Bruk, tilstand og påverknad: Området, både innanfor og utanfor lokaliteten er omtala i Gaarder et al (2001); " *I omgjevnadene finst lauvskog med innslag av grov, tidlegare styva alm (stammediameter opptil 80 cm), og grov, høg selje. Skogstrukturen er open med fortetting av ungskog under. Dette tyder på ein tidlegare sterk kulturpåverknad med beiting og utslått som ga ein open skogstruktur, men der opphøyr av kulturpåverknaden no fører til at ungskogen kjem opp.*" Styvinga av almene er opphøyrte langt tilbake (meir enn 50 år sidan), og truleg om lag samstundes med at gardane på Kastet og i Osvika litt lenger nord langs fjorden vart fråflytta på 1950-talet (Jordal & Gaarder, 1999). Kronene på trea er såleis store. Mange av styvingstrea er innhole og med ein god del rotne parti, noko vedmold og grov sprekkbork. Stammediameteren på dei fleste ligg mellom 70 og 90 cm. I fylge Bjørlykke (2013) var Kastet ein gard med god jord, mange åkrar

og ymse avlingar. Mellom anna fanst mange foredra epletre¹, korn, poteter og lauk. Garden fødde både kyr, hestar, sauvar, geiter og grisar. Same kjelde opplyser også at almene på Kastet er planta, men at dette var gjort så langt tilbake som på 1700-talet.

Framande artar; Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap; Lokaliteten er ein del av det gamle kulturlandskapet på Kastet. Der det før var eit ope landskap med styvingstre, bakkemurar og beiteenger, er i dag for det meste dominert av tett ungskog og nesler. Alt dette vitnar om tidlegare sterkt kulturpåverknad. Det er såleis knytt store kulturhistoriske verdiar til landskapet.

Skjøtsel og omsyn; Om ein skal stogge attgroinga og ha håp om å berge nokon av verdiane knytt til naturbeitemarka som tidlegare var registrert her, er det ein føresetnad at beitet vert teke opp att med mykje sterkare beitetrykk enn kva det er i dag. Alternativt kan slått vurderast på dei engene som framleis er opne. Her bør ikkje plantast framande treslag, og dei gamle almetrea her bør få stå i fred for menneskelege inngrep. Truleg er det for lang tid sidan dette treet var styva til at det let seg gjere å ta opp att styvinga. Skal styving av alm takast opp att her, bør dette i fyrste rekje gjerast på yngre tre.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 23,5 daa) og middels vekt for raudlisteartar og arts mangfald på bakgrunn av funn av fleire kravstore karplantar samt raudlisteartar, og potensialt for funna v fleire slike. Den oppnår også middels vekt på parameteren førekommst av sjeldne eller truga naturtypar. Dette grunna førekommstar av gråor-almeskog. Lokaliteten oppnår middels til låg vekt på påverknad i og med at dette i noko grad er gammal kulturmark, og middels vekt på habitat-kvalitet, i fyrste rekje på bakgrunn av dei store almetrea og seljene innanfor lokaliteten. Elles oppnår den høg vekt for framande artar, då slike ikkje vart registrert. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. ved funn av fleire raudlisteartar kan verdien auke.

¹ Alt i Hans Strøms tid (1760) var eplene på Kastet vidkjende for sin gode smak.



Figur 42. Kastet nord, stubbehausta alm. Den veks oppe på ein stor stein, og om ein går på motsett side av treet, så ser ein at den er innhol der. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 43. Kastet nord. Stor, styva alm i kanten av enga nord for husa på Kastet. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 44. Kastet nord. Fleire styva almetre. Grunna den grøderike jorda her, så dominerer nitrofile artar i omgjevnadane som ein kan sjå på dette utsnittet. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 45. Lokaliteten utgjer det største arealet av dei to polygona. I sør ser ein lokaliteten med dei to styva almetrea nær husa på Kastet. Tidlegare var innmarka her registrert som naturbeitemark, men denne er no er føreslegen sletta. Heilt sørvest i biletet ser ein avgrensinga av Kastet I, dei to store almetrea rett ved husa på Kastet.

Kjelder:

Navn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J. B.	2001	Biologisk mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Rapport nr.: 2001:03		Litteratur
Bjørlykke, L.R.	2013	Kastet – Fjordgard og verdsarv. Bjørlykke Forlag AS.		Litteratur

Lok. nr. 13 Kastet I. Store gamle tre. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6905830 A 413853

Naturtyperegistreringar:**Naturtype:** Store gamle tre (100%)**Utforming:** Alm.**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord**Feltsjekk:** 05.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa ved bruk av GPS.**Lokalitetsskildring:**

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 05.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtyper i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart fanga opp i samband med undersøking av tidlegare lokalitet med naturbeitemark på Kastet.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av to store, styva og innhole almetre tett nord for husa på Kastet på vestsida av Tafjorden i Norddal kommune. Det meste av innmarka her er no grodd att med nitrofile artar som nesler, bringebær og mjødurt. Berggrunnen består i fylge berggrunnkartet for det meste av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, medan lausmassane består av tynne morenemassar. Det er likevel klart at jorda på Kastet i tillegg innehar betydelege mengder rasmateriale frå snøskred, og er påverka av noko meir baserikt sigevatn, slik at jorda verkar å vere svært feit og god. Moen (1998) plasserer lokaliteten i svakt oseansk vegetasjonsseksjon (O1) og i sørboreal (SB) vegetasjonssone.

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som store gamle tre av utforminga alm.

Artsmangfold: Det vart mellom anna registrert almelundlav, grynvrente og kveilmose på stammane av dei to trea. Ein reknar potensialet for sjeldne og raudlista artar knytt til dei to trea som middels til svakt. Unntaket frå denne vurderinga kan vera førekomst av ulike småkryp som bille m.m., kanskje knytt til holromma. For slike kan potensialet vera godt, særleg

om ein ser det i samanheng med ein noko større edellauvskog med styva alm i nærleiken av desse to almene.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er to store grove almer som begge er styva for få år sidan. Begge trea er innhole sjølv om dette ikkje vises tydeleg på utsida enno. Båe har grov sprekkbork, men truleg lite vedmold. Båe er om lag 70-80 cm i diameter i brysthøgd. Både nord for engene på Kastet, og like ved fjøset berre få meter frå denne lokaliteten, finst fleire store styvingstre, både av alm og ask.

Framande artar; Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap; Lokaliteten er ein del av det gamle kulturlandskapet på Kastet. Der det før var eit ope landskap med styvingstre, bakkemurar og beiteenger, er i dag for det meste dominert av tett ungskog og nesler. Alt dette vitnar om tidlegare sterkt kulturpåverknad. Det er såleis knytt store kulturhistoriske verdiar til landskapet.

Skjøtsel og omsyn; Vidare styving av dei to trea med jamne mellomrom vil vere ein stor fordel. Elles bør trea få vere i fred for menneskelege inngrep.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for store gamle tre frå juni 2015 oppnår både trea innanfor lokaliteten høg vekt for storleik på bakgrunn av stammediameteren og at dei er innhole. Dei oppnår middels vekt for sprekkbork, og låg vekt for vedmold og raudlisteartar (men her kan det vera eit ukjend potensiale, særskild med tanke på holromma). Den oppnår høg vekt på nærleiken til liknande lokalitetar, då det er fleire store, styva almetre og eit elles verdfullt gammalt kulturlandskap på Kastet. Saman med potensialet for raudlista artar knytt til slike tre, gjer dette at lokaliteten skal ha verdien Lokalt viktig – C. Verdien er sterkt, på grensa til B. Den vil auke ved påvisning av raudlista artar, samt ved at styvinga også vert oppretthalden.



Figur 46. Her ser ein dei to styva almetrea like nord for husa på Kastet. Avgrensinga av lokaliteten finst på figur 42. (Foto; Bioreg AS ©). Bjørlykke (2013) fortel at lauvverket var så tett på desse trea at brukarane på Kastet hengde opp spekekjøtt til turk i her. (Foto; Bioreg AS).

Kjelder: Sjå førre lokaliteten.

Lok. nr. 14. Nord for Knivsflå. Haustingsskog. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6887981 A 400685

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Haustingsskog (100 %).

Utforming: Rik edellauvskog med styva edellauvtre (100 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord

Feltsjekk: 05.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 - 50 meter. Målemetode: Avgrensa ved bruk av flyfoto og GPS.

Areal: 24,5 daa

Lokalitetsskildring:

Innleiring: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtyper i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men er ein del av kulturlandskapet rundt den vidjetne garden Knivsflå. Den er berre grovt avgrensa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit areal nord for garden Knivsflå på nordsida av Geirangerfjorden i Stranda kommune. Området består av mange store, styva almetre. For det meste består området av rasmark, men det har nok også vore drive slått og beite i her tidlegare. Det meste av desse areala, samt mykje av innmarka på Knivsflå, er no grodd att med nitrofile artar som nesle og mjødurt. Berggrunnen består i fylge berggrunnskartet av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sør-boreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjons-seksjonar (OC).

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som haustingsskog av utforminga rik edellauvskog med styva edellauvtre (100 %). Det finst ingen klar parallel i NiN til haustingsskogar, men oftast fell dei inn under fastmarksskogsmark (T4) med rikeleg innhald av objekteiningane styvingstre (KS-8) og/eller tre som er ”stubbelauga” (KS-9, anna kulturspor på tre). Haustingsskog er ikkje omtala i Norsk raudliste for naturtyper frå 2011. Naturtypen er likevel føreslegen som utvald naturtype, og er etter Fremstad & Moen (2001) rekna som sterkt truga (EN).

Artsmangfold: Storvaksen alm (VU) dominerer i tresjiktet saman med mykje yngre alm innimellom, stadvis også saman med storvaksen selje og noko bjørk. Dei aller fleste av almane er styva langt nede på stammen, men enkelte også høgare oppe. Almetrea har rike førekomsstar av kveilmose, almelundlav og grynvrente, samt noko lungenever. Feltsjiktet er svært varierande, frå område som heilt tydeleg er attgrodd kulturmark, til område med rasmark dominert av større og mindre stein og blokker. Elles vart det registrert mellom anna gulaks, hengeaks, hundegras, kranskonvall, krossved, kvitsoleie, liljekonvall, myske, myskegras, skogmarihand, skogvikke, småborre, sumphaukeskjegg, torhjelm, trollbær og vendelrot. Potensialet for raudlisteartar, spesielt av lav og sopp, innanfor lokaliteten er godt, og for det aller meste knytt til dei eldre almetrea.

Bruk, tilstand og påverknad: Knivsflå er nemnt m. a i 1603. I 1724 forde dei 6 kyr, 6 ungdyr, 10 geiter og 10 sau. I 1866 var her 15 mål dyrka jord, 22 mål natureng, ein hausta 50 høy-

lass frå utslått av totalt 75 høyllass, og ein fora 12 storfe, 44 småfe og 1 gris. I 1898 vedtok kommunen at garden måtte fråflyttast på grunn av rasfare. Likevel fortsette slåtten på Knivsflå lenge, dels heilt til 1965, og høyet vart bore og fira ned på løypestrenger. Lokaliteten består av styva, grove almetre. Mange er hausta langt nede på stammen, nokre let også til å vere stubbehausta, medan enkelte tre var styva på meir tradisjonelt vis høgare oppå på stammen. Fleire av desse er innhole. Stubbane varierer i storleik, og enkelte er over 2 m i diameter. I dag er ungskogen i ferd med å fortette arealet, noko som viser den sterke kulturpåverknaden tidlegare. Det meste av alma er prega av hjortebeting. Styvinga på Knivsflå heldt truleg fram lenge etter at garden vart fråflytta.

Framande artar; Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap; Dette arealet er ein del av det gamle kulturlandskapet rundt Knivsflå. Innmarka på garden er no grodd att med høge, nitrofile artar, og skogen er prega av fortetting med ungskog, men landskapet vitnar om tidlegare sterkt kulturpåverknad, med haustingsskog og bakkemurar der det no er skog. Det er såleis knytt store kulturhistoriske verdiar til landskapet. Garden er også ein av dei mange hyllegardane innover Storfjorden og er slik ein viktig del av verdsarvområdet

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten har eit brukbart restaureringspotensiale, men ei slik restaurering må gjerast over tid. Det aller meste av ungskogen må fjernast, men ein må likevel samstundes syte for å ivareta rekrutteringa. Styvinga av alm kan takast opp att på ein del av dei allereie eksisterande styvingstrea. Nokre almetre kan også stubbehaustast. I tillegg til å styva ein del av dei gamle styvingstrea kan ein bruke nokre av dei yngre almane til å forme nye styvingstre.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for haustingsskog frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 24,5 daa) og låg vekt for artsmangfald, tilstand og påverknad. Den oppnår også høg vekt for landskapsøkologi då den er ein del av det verdfulle landskapet på Knivsflå og langs Geirangerfjorden. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. Denne verdien er noko svak, og er sett først og fremst ut frå potensialet for raudlista artar knytt til almetrea innanfor lokaliteten, samt at området framleis har eit nokså godt restaureringspotensiale.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Ansok, S.	1970	Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.		Litteratur
Gjerding, J.	1935	Øydebruk i Sunnylven og Geiranger. Eige forlag, Hellesylt. 78 s.		Litteratur
Jordal, J. B.	2011	Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2011: 01.		Litteratur



Figur 47. Nord for Knivsflå står mange styva, og truleg også ein del stubbehausta almetre. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 48. Avgrensinga er merka med raudt. I sør, like ovanfor husa på Knivsflå ser ein slåttemarka som er registrert her. I aust, ned mot fjorden er det registrert ein større lokalitet med Sørvende berg og rasmarker verdisett til Svært viktig – A.

Lok. nr. 15. Breimyra. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6906022 A 400520

Areal: 16 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemyr (100 %)

Utforming: Fattig slåttemyr (100 %)

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord

Feltsjekk: 06.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.09.2015, i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt. Den ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei høgde om lag 550 moh langs stigen mellom Verpesdalen og Skrenakken på sørsida av Norddalsfjorden vest for Eidsdal i Norddal kommune. Her er det for det aller meste fastmattemyr, avgrensa av lauvskog i sør, og i tillegg noko barskog i nord. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane for det meste av tynne morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og klart oseansk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei avgrensa slåttemyr av utforminga fattig slåttemyr (100 %). Etter NiN går slåttemyr inn i hovudtypen seminarleg myr (V9). Naturtypen slåttemyrflate (der også beitemyr er inkludert), er vurdert som sterkt truga – EN i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Tresjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, medan busksjiktet består av ein del ung bjørk og sølvvær som særleg i sør kjem inn frå kantane. Stadvis finst også noko eldre furu. Myra er jamt over fattig og dominert av bjørneskjegg, blåtopp, duskull, skogsnelle, slåttestorr og torvull, saman med mellom anna flekkmarihand, klokkeling og rome. Utover mot kantane finst i nord og vest finst ein del lyng, mellom anna blåbær og røsslyng.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra har mest sannsynleg tidlegare vore slått, og seinare beita. Strukturen er flat og artane, og då særleg graminidane, er godt fordelt utover heile lokaliteten. Elles er det lite spor etter menneskelege inngrep med unntak av den nemnde stigen i kanten, samt ei høgspentline som kryssar lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er i dag isolert. Tidlegare, då det var fleire beitedyr i utmarka, var det truleg større samanheng mellom denne og beitemarkene rundt Skrenakken og Verpesdalssetrene som ligg litt lenger nord.

Skjøtsel og omsyn: Gjenopptaking av slått kvart andre eller tredje år, med fjerning av avling etter eventuell bakketørking vil vere nok til å halde denne lokaliteten i hevd. Alternativt kan lokaliteten skjøttast ved beite, då gjerne i samanheng med beite av Verpesdalssetra og utmarka her. Beitet bør gå føre seg med lette beitedyr.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for slåttemyr frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (under 50 daa), artsmanifold og hevd. Elles oppnår den middels vekt for landskapsøkologi (lokal førekommst/sjeldsynt), og ingen vekt for landskapsøkologi (heilskapleg landskap). Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.



Figur 49. Lok nr 14, Breimyra frå aust mot vest. Ut over ei høgspentline er det få spor etter menneskelege inngrep her. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 50. Lok nr 14, Breimyra med utsikt over Norddalsfjorden mot Overå i Eidsdal. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 51. Lok nr 14, Breimyra er markert med raudt. I sør ser ein delar av lokaliteten Verpesdalssetra.

Kjelder: Ingen.

Lok. nr. 16. Geirangerfjorden: Knivsflå. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00069325

UTM EUREF89 32V N 6887819 A 400667

Areal: 0,2 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (100 %)

Utforming: Rik slåtteeng (80 %) og rik slåttetørreng (20 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 09.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Oppretthalde gamal avgrensning.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtyper i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Knivsflå er undersøkt mange gonger tidlegare, og lokaliteten vart sist undersøkt av John Bjarne Jordal 10.08.2010. Tidlegare er den mellom anna undersøkt av Silke Hansen og John Bjarne Jordal 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004). Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935), Ansok (1970) og Lillebø (1972). Skildringa er difor rimeleg ny. Ved besøket i 2015 vart det klart at lokaliteten framleis er halden i hevd ved slått, og det er såleis berre gjort mindre endringar i skildringa. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like nordaust for husa på Knivsflå, ein bratt hyllegard på nordsida av Geirangerfjorden i Stranda kommune, eit stykke ute i fjorden. Den er berre tilgjengeleg via ein sti opp frå fjorden (ein må ha båt for å koma dit). Den ligg på ei smal fjellhylle, med enger mellom bergknausane, og på bakke murar. Berggrunnen består i fylge berggrunnskartet av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene-materiale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa slåttemark av utforminga rik slåtteeng (80 %), men også med innslag av rik slåttetørreng (20 %). Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

Artsmangfald: Av planter vart det i 2015 registrert mellom anna; augnentrøyst-art, blåklokke, bringebær, dunhavre, gulaks, hegg, hundegras, kvitbladtistel, lintorskemunn, marikåper, markjordbær, raudknapp, raudsvingel, skogmarihand og smyle. I 2010 vart det notert m.a. augnentrøyst-art, dunhavre, engsmelle, gjeldkarve, gulskolm, kystbjørnekjeks, lintorskemunn, markjordbær, raudknapp, småengkall og trollurt. I 2001 vart det og notert blåklokke, lækjeveronika, småsyre og åkerminneblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for ulike beitemarkssopp, - kanskje også raudlisteartar.

På dei delane av innmarka som ikkje vart slått vart det både i 2010 og 2015 registrert artar som; bringebær, firkantperikum, geitrams, humle, hundekjeks, kvitbladtistel, mjødurt, ormetelg, raud jonsokblom, sløkje, stornesle, strandrøyr og vendelrot. Det finst framleis nokre knausar med intakt tørrbakkeflora, og artar som blårapp, engsmelle, lodnebregne, piggstorr, sølvvmure osv. Rundt engene finst mykje stubbehausta og styva alm (VU). Mykje av dette er avgrensa og skildra som haustingsskog.

Bruk, tilstand og påverknad: Knivsflå er nemnd m. a i 1603. I 1724 fora dei 6 kyr, 6 ungdyr, 10 geiter og 10 sau. I 1866 var her 15 mål dyrka jord, 22 mål natureng, ein hausta 50 høylass frå utslått av totalt 75 høylass, og ein fora 12 storfe, 44 småfe og 1 gris. I 1898 vedtok kommunen at garden måtte fråflyttast på grunn av rasfare. Likevel fortsette slåtten på Knivsflå lenge, dels heilt til 1965, og høyet vart bore og fira ned på løypestrenger. Den avgrensa lokaliteten ved husa vert framleis slått, men ikkje beita. Området verka ikkje gjødsla. Ved besøket i 2015 var slåttearealet ein del utvida ovanfor husa i høve til ved besøket i 2010. Graset vart fjerna rett etter at det var slått. Lokaliteten bør vurderast på nytt om nokre år for å avgjere kor vidt avgrensinga skal utvidast.

Framande artar: Hagerips.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar, men snørasa i omgjevnadene held større areal med engvegetasjon opne, og held dermed ved like bestandar av mange engartar. Landskapet rundt Knivsflå ber tydeleg preg av tidlegare tiders kulturpåverknad med bakkemurar og haustingsskog.

Skjøtsel og omsyn: Opphøyr av slått og beite har ført til kraftig attgroing på Knivsflå. Det er ønskjeleg med framhald i slåtten på det avgrensa arealet, samt resten av arealet som var slått ved besøket i 2015. Det er også ønskjeleg med slått på eit større areal rundt husa som framleis er ope (særleg nedanfor), her finst framleis eit større tal tørrbakkeartar som er på veg til å forsvinna gradvis om ikkje tiltak vert sett inn. I område med høg vegetasjon bør det slåast to gonger, fyrste gong i juni og andre gong sist i juli. Avlinga fjernast med ein gong slik at desse artane ikkje får setje frø. På tørre bergknausar og innanfor den registrerte slåttemarkslokaliteten bør slåtten takast seinare, i siste del av juli, og graset bør om mogleg tørke eit par dagar på bakken eller hesjast før fjerning. Dette for at artane som veks her skal få setje frø. Lokaliteten må ikkje gjødslast, pløyast eller sprøyta.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (om lag 0,2 daa), arts mangfald og raudlisteartar. Den oppnår middels vekt på typevariasjon og middels til høg vekt på tilstand og påverknad. Elles oppnår den middels til høg vekt på landskapsøkologi ut frå førekommstar av snørasenger i nærleiken, samt førekommstar av verdfulle kulturelement i nærleiken. Også det at Knivsflå er ein av dei vidgjetne fjordagardane i Geirangerfjorden er med å trekke verdien opp. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde



Figur 52. Husa på Knivsflå. Den omtala lokaliteten ligg til høgre i biletet. Som ein ser er slåttearealet her utvida ein del sidan 2010. Rett over fjorden oppe i venstre hjørnet ser ein Skageflå. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 53. Lokaliteten er merka med grønt og oransje.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Norderhaug, A. et al.	2004	Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltinga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.		Litteratur
Ansok, S.	1970	Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.		Litteratur
Gjerding, J.	1935	Øydebruk i Sunnylven og Geiranger. Eige forlag, Hellesylt. 78 s.		Litteratur
Jordal, J. B.	2011	Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2011: 01.		Litteratur
Lillebø, P. A. et al.	1972	Sunnylven og Geiranger. II. Stranda Sogelag. 704 s.		Litteratur

Lok. nr. 17. Geiranger: Skageflå. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008355

UTM EUREF89 32V N 6887882 A 401934

Areal: 3 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (100 %)

Utforming: Fattig slåttetørreng (60 %), fattig slåtteeng (40 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 09.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Flyfoto og GPS

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 09.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Skageflå vart fyrste gong undersøkt av John Bjarne Jordal 15.09.1994. Ved besøket i 2015 vart det klart at den tidlegare lokaliteten hadde fått utarbeidd skjøtselsplan, og no var rydda for buskar og kratt, og skjøtta ved slått i tråd med planen. Områda næraast husa minna mest om plen, og bar preg av både plenslått og slitasje i samband med ferdselet i området. Lokaliteten på Skageflå er av desse grunnane føreslegen omdefinert til slåttemark, og at avgrensinga dermed vert avgrensa til berre å gjelde eit lite område nordvest for husa, og ute på kanten av berget nedanfor husa. Det gjeng no føre seg eit stort restaureringsarbeid på Skageflå, med rydding av skog og restaureringsslått. Det vil såleis vere aktuelt med nytt besøk om nokre år for å følgje opp skjøtselsarbeidet. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like nordvest for husa på Skageflå, den mest vidgjetne av hyllegardane på sørsida av Geirangerfjorden eit stykke ute i fjorden i Stranda kommune. Den er tilgjengeleg via ein sti opp frå fjorden, og via sti over fjellet og over til Homlung. Den ligg på ei smal hylle i fjellet, med små enger mellom bergknausane og på bakkemurar. Berggrunnen består i fylge berggrunnskartet av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består av rasmaterialar. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark, for det meste av utforminga fattig slåttetørreng (60 %), men også med innslag av fattig slåtteeng (40 %) der jordsmonnet er noko tjukkare. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan slåtteeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga – EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

Artsmangfold: Av planter vart det i 2015 registrert mellom anna blåklokke, engkvein, eng-tjørebrom, fjellmarikåpe, gulaks, lækjeveronika, markjordbær, raudkløver, raudsvingel, ryllik, småbergknapp, småsyre, snauveronika, stormaure, sølvbunke, sølvmore, vill-lauk og åkerstemor. Vegetasjonen var mange stader tett og mosedekket därleg utvikla. Dei områda som i dag ligg utanfor lokaliteten er for det meste å rekne som attgroande kulturmark sjølv om det var slått her i 2015. Her dominerer artar som engsyre, firkantperikum, gullhavre, hundegras, hundekjeks, marikåpeartar, mjødurt, nesler, skarmarikåpe, skogstjerne, skogstjerneblom, skogstorkenebb, torhjelm og åkersnelle.

Langs stien frå sjøen opp til Skageflå vart det registrert nokre interessant tørrbakkar med mellom anna bergmynte, engsmelle, gjeldkarve, gulaks, gullhavre, kransmynte, lintorskemunn,

mørk-kongslys, smalkjempe, smyle, småsyre, stemorsblom, stormaure, vendelrot og vill-lauk, og i busksjiktet einer, osp og alm (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Dette var ein av dei sirkraste og mest produktive av hyllegardane med store beitevidder på fjellet. På det meste (rundt 1910) hadde dei 118 mjølkegeiter, 70-80 sau og lam, 4 kyr, ein okse og ein hest. Det vart drive mykje utmarksslått. Transport av dyr måtte helst skje over fjellet til Humlung. Garden vart fråflytta i 1916, og folka flytta til Mølseter (Ansok 1970, 1977). Lenge etter dette (til 70-talet, Ansok 1970) har bøane vore slegne og høyet fira ned til sjøen og nytta andre stader. Den avgrensa lokaliteten ved husa var, saman med dei meste av det opne engareala nordafor husa, slått i 2015. Det meste av graset både innanfor og utanfor lokaliteten er fjerna rett etter at det er slått. Lokaliteten verka for det meste lite gjørsla. Her var også nokre spor etter slitasje i samband med ferdselen i området.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar, men snørasa i omgjevnadene held større areal med engvegetasjon opne, og held dermed ved like bestandar av mange engartar. Landskapet rundt Skageflå ber tydeleg preg av tidlegare tiders kulturpåverknad med gamle slåtteenger, bakkemurar, rydningsrøyser og steingardar. Om restaureringa av Skageflå held fram, vil verdien av landskapet på garden auke år for år. Det er allereie klart at mykje har skjedd sidan skjøtselsplanen vart utarbeidd i 2008.

Skjøtsel og omsyn: Opphøyr av slått og beite har ført til kraftig attgroing på Skageflå, og Holtan og Grimstad, 2001 konkluderer med at: «*Skageflåa kan vera interessant botanisk sett for å studera attgroing av kulturmark over ein lengre periode. Elles er det truleg landskapet og kulturminna som utgjer dei største verdiane i dette området.*» Sidan den gong har området som nemnt fått skjøtselsplan, og tanken er å restaurere både slåtteengene og kulturminna knytt til desse. I ein restaureringsfase er det i plana kome med framlegg om slått to gonger per sesong. Innanfor lokaliteten, der dei fleste naturengplantane vart registrert, bør det slåast ein gong seint i sesongen, og her må avlinga tørkast på bakken eit par dagar før fjerning. Graset herifrå kan gjerne spreiaast noko utover dei andre engene ved turking. Engene må ikkje pløyast, sprøytaast eller på andre måtar utsetjast for fysiske inngrep. Skogen rundt engene kan med fordel tynnast endå meir for å redusere skuggeverknaden.

Også dei små areala med gammal kulturmark langs stien opp til Skageflå bør vurderast som potensiell slåttemark. Her vil ljåslått vere det mest fornuftige.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 1,2 daa), og låg vekt for artsmangfold og raudlisteartar. Den oppnår middels vekt på typevariasjon, tilstand og påverknad. Elles oppnår den middels til høg vekt på landskapsøkologi ut frå førekommstar av snørasenger i nærleiken, samt førekommstar av verfulle kulturelement i nærleiken. Også det at Knivsflå er ein av dei vidgjetne fjordagardane i Geirangerfjorden er med å trekke verdien opp. Dette saman med potensialet for raudlista beitemarksopp gjer at lokaliteten oppnår verdien; Viktig - B.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1995	Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.		Litteratur
Norderhaug, A. et al.	2004	Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004.		Litteratur

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjelde type
		240 s.		
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	2001	Biologisk mangfald i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kart-vedlegg		Litteratur
Ansok, S.	1970	Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.		Litteratur
Ansok, S.	1977	Utkantgardane – eit minne om ei anna tid. I: P. Larsen (red.): Møre og Romsdal. Bygd og by i Norge. Gyldendal. S. 214 – 216.		Litteratur
Thorvaldsen, P.	2008	Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune Del 1. Skjøtselsplan for tidlegare innmarksareal. Bioforsk Rapport. Vol. 3 Nr. 153 2008.		Litteratur



Figur 54. Husa på Skageflå. Som ein ser var det slått her i 2015. Enga nedfor husa er halden utanfor avgrensinga da den let til å vere slege mange gonger for sesongen over ein lengre periode, og enga er framleis dominert av ein nitro-genproduserande art som kvitkløver. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 55. Rabbar nord for husa innanfor den aktuelle avgrensinga. Også her var det slått i 2015. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 56. Lokaliteten sett fra motsett side av fjorden. Stigen til garden går opp gjennom berget heilt til høgre i biletet. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 57. Gamal avgrensing er merka grøn og ny avgrensing er merka raud.

Lok. nr. 18. Geiranger: Vesteråsdalen. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00069351

UTM EUREF89 32V N 6888621 A 410034

Areal: 587 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (70 %), ur (30 %).

Utforming: Fattig beiteeng (50 %), snøleie og attgroande beiteeng (20 %) og ur (30 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: 20 - 50 meter. Målemetode: Flyfoto og GPS

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Lokaliteten vart fyrste gong undersøkt av John Bjarne Jordal saman med Geir Gaarder 03.08.2000 (Norderhaug et al. 2004). Den er seinare også undersøkt i samband med kartlegging av naturtypar i Stranda (Holtan og Grimstad, 2001). I 2015 såg ein at beitetrykket framleis var godt i Vesteråsdalen. Den opphavlege avgrensinga er difor vidareført, men lokalitetsskildringa oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet. Noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa i Naturbase. Lokaliteten vart berre delvis undersøkt i 2015 grunna tidsnaud og til dels svært tett tåke. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten er ei stor sørvestvendt rasmask aust for Vesterås-sætra eit stykke inne i Vesteråsdalen, eit dalføre som strekkjer seg austover frå Geiranger i Stranda kommune. Tilgjenge er langs ein sti opp frå Vesterås. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i nordboreal til lågalpin (NB-LA) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (50 %), stadvis med innslag av fuktigare område. I tillegg finst område som ligg tettare opp til snøleie, samt noko attgroande beiteeng med ein del bregner og bjørk (til saman om lag 20 %). Spreidd innanfor lokaliteten finst i tillegg store areal med ur og rasmask (30 %), for det meste bestående av kalkfattig ur. Etter NiN er det meste av lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Av planter vart det i 2015 registrert mellom anna aksfrytle, blåklokke, engkvein, fjellbakkestjerne, fjellmarikåpe, fjelltimotei, geitsvingel, gulaks, harerug, lækje-veronika, raudsvingel, ryllik, sølvbunke, tiriltunge og trefingerurt. Det finst også stadvis ein god del blåbærlyng, vierkratt og ung bjørk. I nokre søkk er det også ein del bregnar. Det vart elles registrert mellom anna bergveronika, som er å rekne som regionalt sjeldan på Sunnmøre. I følgje Holtan og Grimstad (2001) er det i Vesteråsdalen, under Storskredfjellet registrert i alt drygt 100 karplantar. «*Her veks dvergmispelen røynleg i 1000 m høgd.*» Grønburknen her er nemnt som «*det einaste funnet utanom dei som veks på oliven ved Liane.*» Elles nemner dei mellom anna artar som bergveronika, brudespore, fjellrapp, flekkmure, grønburkne, hårstorr, jåblom, kastanjesiv, kattefot, kvitmaure, marinøkkel, snøsøte, sotstorr, svartstorr og taggbregne (nokre av desse er her nær vestgrensa og dei fleste noko kalkkrevjande). Dei konkluderer mellom anna med at «*Alt i alt er områda etter måten artsrike dersom ein legg høgda til*

grunn.» Denne konklusjonen inkluderer også eit område på sørsida av dalen, under Blåfjellet. I Artskart er det registrert mellom anna stivsildre (EN), møllerundbelg, kastanjesiv, knopp-sildre og snøsildre, også desse registreringane like utanfor lokaliteten.

Også fleire andre stader rundt Vesteråsdalen ligg område med bratte beita rasmarksenger, der det kan vere potensiale for fleire av dei same artane. Det har ikkje vore registrert beitemarksopp på lokaliteten, men ein reknar med eit visst potensiale for slike artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg lenge vore beita av sau, kanskje også storfe og geit, særleg i tidlegare tider. Status etter 2000 er noko uviss, men i 2015 var det om lag 300 sau i Vesteråsdalen. Kjelde: Arnfinn Vesterås. Stadvis er beitetrykket i dei undersøkte delane godt, men jamt over noko svakt, og nokre stadar ber lokaliteten også tydeleg preg av gjengroing. Gjengrodde og godt beita område opptrer i mosaikk. Unntaket er i dei høgreliggjande delane av lokaliteten der beitetrykket let til å vere jamt over noko betre. Slik er det også langs stigen innover Vesteråsdalen.

Framande artar: Ingen registrerte.


Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein del av eit større samanhengande kulturlandskap vest for Geiranger. Kring gardane Hole og Vesterås finst framleis intakte slåtteenger. Dei lågareliggende beiteområda kring gardane er i dag meir eller mindre attgrodde med skog, men innover Vesteråsdalen finst store meir eller mindre opne område med beita rasmarksenger i tillegg til fleire setervollar der beitetrykket framleis er godt. Også i skogen rundt Vesterås er beitetrykket tydeleg, og ein finn framleis opne glenner med beitemark.

Skjøtsel og omsyn: Minka beitetrykk i høve til tidlegare har ført til attgroing og oppslag av bjørkeskog i Vesteråsdalen. Om attgroinga skal stoggast må beitetrykket aukast ein del, kanskje også i alle fall stadvis i kombinasjon med rydding av bjørkeskog.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 587 daa), og middels vekt for arts mangfald og låg vekt for raudlisteartar. Den oppnår elles middels vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette, saman med verdien av det heilskaplege beitelandskapet i Vesteråsdalen, oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.



Figur 58. I ei av dei få glipene i tåka denne kvelden, fekk ein eit lite overblikk over lokaliteten. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 59. Bergveronika. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 60. Lokaliteten er merka med grønt. I sør aust ser ein den andre lokaliteten inst i Vesteråsdalen, avgrensa som naturtypen Andre viktige forekomster, først og fremst ut frå eit interessant og kalkrevjande artsmangfold.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Norderhaug, A. et al.	2004	Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og		Litteratur

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjelde type
		Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.		
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	2001	Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg		Litteratur
Jordal, J. B.	2011	Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2011: 01.		Litteratur
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	2001	På jakt etter stivsildre i Geirangerfjella (Stranda kommune, Møre og Romsdal). Blyttia 59 (2)		
Arnfinn Vesterås	2015			Intervju

Lok. nr. 19. Storsætra. Verdi: **Viktig - B.**

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008357

UTM EUREF89 32V N 6887265 A 407830

Areal: 27,5 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (90 %) og område med meir attgrodd hei og lyng (10 %).

Utforming: Fattig beiteeng (70 %), fattig beitefukteng (20 %) og område med meir attgrodd hei og lyng (10 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombområde

Feltsjekk: 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrenningspresisjon: Betre enn 20 meter. Målemetode: Flyfoto og GPS

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde. Lokaliteten vart fyrste gong undersøkt av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 29.06.2000 i samband med kartlegging av naturtypar i Stranda (Holtan og Grimstad, 2001). I 2015 såg ein at beitetrykket framleis var godt, men at avgrensinga måtte justerast ein del i høve til den opphavlege som var sirkelrund. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet. Noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa i Naturbase. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombområde.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av fuktige og vekselfuktige beitemarker kring Storsætra ytst i Vesteråsdalen, like ovanfor Storsæterfossen litt vest for Geiranger i Stranda kommune. Tilgjenge er langs sti opp frå Vesterås. Denne kryssar lokaliteten og held fram vidare innover Vesteråsdalen. I aust deler en bekk lokaliteten i to. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beiteeng (70 %), stadvis med innslag av fuktigare beiteområde (om lag 20 %) ned mot Vesteråselva i sør. I tillegg finst område med noko attgrodd hei og lyng, til saman om lag 10 %. Etter NiN er det meste av lokaliteten å rekne som

seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011.

Artsmangfald: Av planter vart det i 2015 registrert mellom anna bleikstorr, blåklokke, finn-skjegg, fjellmarikåpe, mykje gulaks, hestespreng, knegras, kvitkløver, lækjeveronika og tepperot. I tillegg finst mellom anna aksfrytle, bakkefrytle, bråtestorr, engkvein, fjelltimotei, fjellveronika, geitsvingel, harerug, hårvæve, raudsvingel, rylik, smalkjempe, sølvbunke, tiriltunge, trefingerurt, og den regionalt sjeldne arten bergveronika. Det finst også nokre mindre areal med blåbærlyng.

Spreidd finst myrtistel, bringebær, einer, ulike bregnar og torhjelm. Rundt lokaliteten er områda for det meste grodd att med blåbærlyng og ung bjørkeskog. Nær elva og bekken i aust finst litt gråor.

I Holtan og Grimstad (2001) heiter det at «*14 av 67 karplantar på setra er natureng- eller seterplantar, altså eit medels høgt tal. Mellom dei finn vi m.a. dvergjamne, gjeldkarve og grønkurle. Alle artane er vanlege. Det vart ikkje leita etter sopp i 2000. Ein skal ikkje sjå bort frå at her kan finnast ein del slike.*» Dei her nemnde artane vart også påvist i 2015. Ein reknar elles med at potensialet for beitemarksopp framleis er rimeleg godt her.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore beita av sau i lang tid, kanskje også storfe og geit, særleg i tidlegare tider. Status etter 2000 er noko uviss, men i 2015 var det om lag 300 sau i Vesteråsdalen. Kjelde: Arnfinn Vesterås. Jamt over er beitetrykket middels godt til noko svakt. Stadvis er beitetrykket også godt, men det finst også einskilde parti med lyng der ein ser attgroinga tydeleg. Her er ein viss slitasje i samband med ferdsel innover Vesteråsdalen og nede ved Storsæterfossen som ligg like nedanfor.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein del av eit større samanhengande kulturlandskap vest for Geiranger. Kring gardane Hole og Vesterås finst framleis intakte slåtteenger. Dei lågareliggende beiteområda kring gardane er i dag meir eller mindre attgrodde med skog, men innover Vesteråsdalen finst store meir eller mindre opne område med beita rasmarksenger i tillegg til fleire setervollar der beitetrykket framleis er godt. Også i skogen rundt Vesterås er beitetrykket tydeleg, og ein finn framleis opne glenner med beitemark.

Skjøtsel og omsyn: Minka beitetrykk i høve til tidlegare har ført til attgroing og oppslag av bjørkeskog i heile Vesteråsdalen. Om attgroinga skal stoggast må beitetrykket aukast ein del, kanskje også i alle fall stadvis i kombinasjon med rydding av bjørkeskog. Slik er det også på Storsætra, der det er tydeleg at lyngen kryp innover setervollen frå kantane.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 27,5 daa), og låg til middels vekt for arts Mangfald og raudlisteartar. Den oppnår elles middels vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette, saman med verdien av det heilskaplege beitelandskapet i Vesteråsdalen, oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B. Verdien er noko svak, og med vidare attgroing vil verdien ytterlegare avta.

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde



Figur 61. Lokaliteten sett frå sørvest mot nordaust. Midt i biletet ser ein seterhuset. Som ein ser er beitetrykket noko varierande. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 62. Gamal avgrensing er merka grøn skravur, og ny avgrensing er merka med raudt.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Norderhaug, A. et al.	2004	Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.		Litteratur

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	2001	Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg		Litteratur
Gaarder, G. et al.	2001	Biologiske mangfold innenfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelingen. Rapp. No 3-2001. 82 s		Litteratur
Arnfinn Vesterås	2015			Intervju

Lok. nr. 20. Storsæterfossen. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6887129 A 407615

Areal: 4 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Fosse-eng (60 %) og fosseberg (40 %)

Utforming: Intermediær fosse-eng (60 %), intermediært fosseberg (40 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombområde

Feltsjekk: 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrenningspresisjon: Betre enn 20 meter. Målemetode: Flyfoto og GPS

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtyper i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombområde. Den vart fanga opp i samband med undersøkingar av naturbeitemarker i Vesteråsdalen og på Storsætra. Lokaliteten vart første gong undersøkt av John Bjarne Jordal 01.08.2000 i samband med biologiske undersøkingar i Geiranger og Herdalen landskapsvernombområde (Gaarder, G. et al. 2001), og noko av skildringa er såleis også basert på denne. Den gong vart lokaliteten ikkje registrert i Naturbase. I 2015 såg ein at verdiane i Vesteråselva framleis er intakte, og det same gjeld Storsæterfossen og områda rundt denne. Vesteråselva er ein del av Geirangerelva, som er eit varig verna vassdrag. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombområde.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av fosse-enger og bratte bergveggjar ikring og nedanfor Storsæterfossen, like ved Storsætra ytst i Vesteråsdalen, litt vest for Geiranger i Stranda kommune. Tilgjenge er langs sti opp frå Vesterås. Det er også lagt til rette for turistar med sti og gjerde slik at det gjeng an å gå inn bak fossen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt), men det verkar klart at det kjem fram meir baserikt sigevatn her. Lausmassane der slike finst er for det meste elveavsetningar. Området ligg i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som mosaikk av naturtypane fosseeng av utforminga intermediær fosse-eng (60 %), og fosseberg av utforminga intermediært fosseberg (40 %). Etter NiN er lokaliteten å rekne som fosse-eng (T15) og nakent berg (T1). Det finst også innslag av opa grunnlendt mark (T2). Både naturtypane fosse-eng og fosseberg er vurdert som Nær truga NT i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011.

Artsmangfald: Engene nedanfor fossen er for det meste dominert av høgstaudar som bleikstorr, blåtopp, enghumleblom fjellstiel, krattlodnegras, kvitbladtistel, marikåper, mjødurt, skogburkne, skogrøyrkvein, skogstorkenebb, smørtelg, strandrøyr, strutseveng, sølvbunke, torhjelm og vendelrot, samt ein del rosenrot. I bergveggane vart det registrert mellom anna fjellstiel, gulsildre, nyresildre, raudsildre, rosenrot, stjernesildre og trollurt.

Mosefloraen vart ikkje grundig undersøkt, og berre trivielle artar vart påvist. Mange stader nedover i fossen er mosemattene tette, og ein reknar med at det er eit visst potensiale for sjeldne og raudlista base- og fuktrevjande mosar her. Bergveggane her er svært bratte og utilgjengelege.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg i lang tid vore beita av sau, kanskje også storfe og geit, særleg i tidlegare tider. Status etter 2000 er noko uviss, men i 2015 var det om lag 300 sau i Vesteråsdalen. Kjelde: Arnfinn Vesterås. Beitetrykket i fosse-engene er lågt, og dei har truleg grodd att mykje samanlikna med tidlegare tider (jf. gamle flyfoto frå området). Heile lokaliteten inkludert elva og fossen er intakt og utan negativ påverknad av kraftutbygging. Den inneheld godt utvikla utformingar av fosseenger, bergveggmiljø og ein større foss, i tillegg til kløftemiljø. Det som i dag pregar lokaliteten mest, er turstien opp hit og ferdselet knytt til denne, både ovanfor og inne under sjølve fossen.

Framande artar: Ingen registrerte.


Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av, og er eit sentralt element i eit større samanhengande kulturlandskap vest for Geiranger. Kring gardane Hole og Vesterås finst framleis intakte slåtteenger. Dei lågareliggende beiteområda kring gardane er i dag meir eller mindre attgrodde med skog, men innover Vesteråsdalen finst store meir eller mindre opne område med beita rasmarksenger i tillegg til fleire setervollar der beitetrykket framleis er godt. Også i skogen rundt Vesterås er beitetrykket tydeleg, og ein finn framleis opne glenner med beitemark.

Skjøtsel og omsyn: Minka beitetrykk i høve til tidlegare har ført til attgroing og oppslag av bjørkeskog i heile Vesteråsdalen. Om attgroinga skal stoggast må beitetrykket aukast ein del, kanskje også i alle fall stadvis i kombinasjon med rydding av bjørkeskog. Slik er det også i fosse-engene rundt Storsæterfossen, der gamle flyfoto tydeleg viser at beitetrykket før verka å vera mykje høgare enn i dag.


Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels til høg vekt for areal (om lag 4 daa totalt, og av dette ca 2,5 daa fosse-eng) og høg vekt for tilstand. Den oppnår elles låg vekt på parametra knytt til arts mangfald. Ut frå dette, samt at den er ein del av det heilskaplege landskapet rundt verdsarvområdet Geiranger, oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.



Figur 63. Storsæterfossen sett frå vest. Seterhusa på Storsætra ligg eit lite stykke oppe i lia til venstre utanfor biletet. Som ein ser veks det att med ungskog her. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 64. Fosse-enga nordvest for Storsæterfossen. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 65. Utsyn frå hola bak Storsæterfossen. Her ser ein fosse-enga på nordsida av elva, samt litt av dei bratte bergveggane som omgjev den. (Foto; Bioreg AS ©).

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Gaarder, G., Holttan, D. & Jordal, J.B.	2001	Biologisk mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. Rapport nr.: 2001:03		Litteratur

Lok. nr. 21. Kvanndalssætra. Verdi: Viktig - B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008373

UTM EUREF89 32V N 6882312 A 409516

Areal: 41 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (80 %), område med fattig lynghei, fattig myr, bart fjell og svært grunnlendt mark (til saman om lag 20 %).

Utforming: Fattig beiteeng (60 %), fattig beitefukteng (20 %) og område med fattig lynghei, fattig myr, bart fjell og svært grunnlendt mark (til saman om lag 20 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombåde

Feltsjekk: 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrenningspresisjon: Betre enn 20 meter. Målemetode: Flyfoto og GPS

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Lokaliteten vart fyrste gong undersøkt av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 01.08.2000 i samband med kartlegging av biologisk mangfald innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde (Gaarder et. al., 2001). I 2015 såg beitetrykket ut til å vere noko svakt, samt at avgrensinga måtte justerast ein del i høve til den opphavlege som var sirkelrund. Lokalitetsskildringa er i tillegg oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet. Noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa i Naturbase. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av fuktige og vekselfuktige beitemarker, snøleie og myrar kring Kvanndalssætra, litt ovanfor Ørjasæter, søraust for Geiranger i Stranda kommune. Tilgjenge er langs sti på vestsida av elva opp frå Kvanndalsbrua. Områda rundt lokaliteten består av rasmarker og fjellheier dominert av lyng, og lenger ned i Kvanndalen også bjørkeskog og meir attgrodde beitemarkar. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale, samt noko torv og myr. Området ligg i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa naturbeitemark (80 %), for det meste av utforminga fattig beiteeng (60 %), samt nokre innslag av fattig beitefukteng (20 %) i enkelte søkk. I tillegg finst område med fattig lynghei, fattig myr, bart fjell og svært grunnlendt mark (til saman om lag 20 %). Enkelte av myrområda både utanfor og innanfor lokaliteten ber tydeleg preg av beite, og kan såleis reknast som beitemyr (inngår i naturtypen slåttemyr). Etter NiN er det meste av lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32), medan slåtte- og beitemyr går inn i hovudtypen seminaturleg myr (V9). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåttemyrflate, der også beitemyr er inkludert, er vurdert som; sterkt truga – EN i same liste.

Artsmangfold: Heile lokaliteten er trelaus, slik som resten av Kvanndalsbotnen. Det finst likevel ein del dvergbjørk og også noko bjørk i busksjiktet, men desse er småvaksne. Av planter vart det i 2015 registrert mykje sølvbunke på det meste av lokaliteten. Elles var det mykje blåklokke, fjellgulaks, fjelltimotei, gulaks, harerug og tepperot. I tillegg fanst meir spreidd artar som bakkefrytle, enghumleblom, finnskjegg, fjellkvann, fugletelg, gråstorr, gullris, hengeveng, kornstorr, lækjeveronika, myrtistel, raudsvingel, ryllik, skarmarikåpe, smyle og småengkall. I partia med snaue berg dominerte mellom anna fjellmarikåpe, hestesprieg og småsyre. Dei områda der snøen ligg lengst inneheld mellom anna elvesnelle, musøyre, mjølke-artar, myrhatt, og myrsnelle. Det finst også nokre mindre areal med meir nitrofilt preg og med artar som bringebær, nesler og torjhjelm. Myrane er fattige med mykje duskull, og stadvis også ein del slåttestorr. Heiane er dominert av krekling og blåbær saman med ein del røsslyng. I Gaarder et.al. (2001) heiter det at «*Det vart funne 113 planteartar på vollen og i nærområda til denne. Av desse var 12 naturengplanter og 5 seterplanter. Av fjellplanter fann vi m.a. brearve, fjellarve, fjellminneblom, kvitmjølke og fjellveronika nær setra. Tilknytt nokre skifrigje berg ned mot elva vaks litt meir kravfulle artar som svarttopp, jåblom, kvitsoleie og snøsildre.*» Holtan og Grimstad (2001) nemner i tillegg artar som aksfrytle, brearve, dverggråurt, fjellarve, fjellaugnetrøst, grønkurle, setergråurt og trefingerurt. Fleire av dei her nemnde artane vart også påvist i 2015. Ein reknar elles med at potensialet for beitemarksopp framleis er rimeleg godt her.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten ber preg av å ha vore beita over lang tid, og det same gjeld liene rundt. I skildringa i Naturbase finn ein at beitetrykket i år 2000 var dugande og at lokaliteten var beita med storfe. Ved besøket i 2015 var det ikkje beita her, og det let

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde

heller ikkje til å vere beita intensivt i løpet av dei siste par åra. Ein ser likevel framleis tydeleg preg av lang kontinuitet i beitet og godt innslag av beitefavoriserte artar. Det er heller ikkje mange teikn til attgroing, slik at ein framleis vurderer tilstanden på lokaliteten som middels god. Dei fleste av seterhusa på vollen er svært godt vedlikehaldne.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er isolert frå resten av kulturlandskapet rundt Ørjasætra grunna attgroing med skog. Husdyrbeite og snøras held likevel ein god del av liene her opne, og held dermed ved like bestandar av mange engartar. Heile Kvanndalsbotnen ligg godt synleg frå Rv 63, og er såleis ein viktig del av landskapet rundt Geiranger.

Skjøtsel og omsyn: Minka beitetrykk i høve til tidlegare har ført til attgroing og oppslag av bjørkeskog i delar av liene rundt Kvanndalen. Om attgroinga skal stoggast må beitetrykket aukast ein del, kanskje også i alle fall stadvis i kombinasjon med rydding av bjørkeskog. Slik er det også på Kvanndalssetra, der det må beitast merkbart meir intensivt enn kva som har vore tilfelle dei seinare åra om ikkje attgroinga skal skyte fart.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 41 daa), og låg til middels vekt for artsmangfold. Den oppnår låg vekt for raudlisteartar, middels vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette, saman med den kulturhistoriske verdien av Kvanndalssetra og Kvanndalsbotnen, samt potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp, oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B. Verdien er noko svak, og med ytterlegare attgroing vil verdien av lokaliteten verta svekka.



Figur 66. Seterhusa på Kvanndalssetra. (Foto; Bioreg AS ©).

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde



Figur 67. Gamal avgrensning er merka med grøn og ny er merka med raud. I vest ser ein Kvanndalselva og Rv 63.

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Gaarder, G. et al.	2001	Biologiske mangfold innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga. Rapp. No 3-2001. 82 s		Litteratur
Norderhaug, A. et al.	2004	Storfjordprosjektet - Fagrapport om kulturlandskap i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga. Rapport nr. 1-2004. 240 s.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	2001	Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg		Litteratur

Lok. nr. 22. Oaldsbygda: ved Seljeflotnaustet. Verdi: **Viktig - B.**

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00038805

UTM EUREF89 32V N 6893777 A 397351

Areal: 0,8 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark 100 %.

Utforming: Rik beitetørreng 80 %, rik beitefukteng (20 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 08.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen

landskapsvernombordet. Lokaliteten er tidlegare kartlagt 12.06.2006 av John Bjarne Jordal i samband med suppleringar av Naturbase i Møre og Romsdal. Ved gjennomgang av Jordals rapport og Naturbase, viste det seg at det ved innlegging i Naturbase hadde skjedd eit bytte av skildringane på desse to lokalitetane, slik at dei no var knytt til feil kartutsnitt. Dette er no retta opp, og lokalitetane har fått korrekt namn i høve til skildring og Naturbase-nummer. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men ein god del av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Ved undersøkingane i 2015 viste det seg at lokaliteten er i ferd med å gro att grunna mangel på skjøtsel dvs husdyrbeite. Verdien av området er difor noko svekka i høve til i 2006. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombordet.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet på Seljeflot i Oaldsbygda. Han ligg ved stigen ned mot nausta og nordaustover mot elva tett ned mot sjøen. Den er avgrensa av meir attgrodd kulturlandskap på alle kantar. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane er for det meste tynne og usamanhengande. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen naturbeitemark, for det meste av utforminga rik beitetørreng 80 %, men også med innslag av rik beitefukteng (20 %) i eit mindre kjeldepåverka parti. Etter NiN er det meste av lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011

Artsmangfold: Rundt lokaliteten er det gamle kulturlandskapet meir attgrodd med ungskog og høgt gras. Innanfor lokaliteten finst også noko yngre gråor. Her finst også framleis opnare parti med artar som engkvein, geitsvingel, gulaks, raudknapp og smalkjempe. Elles finst artar som bakkeveronika, blåklokke, eittårsknavel, fjellmarikåpe, fjellrapp, gjeldkarve, gulmaure, kvitbergknapp, kvitmaure, lintorskemunn, lækjeveronika, sandarve, småbergknapp, småsmelle, småsyre, svartburkne, sòlvture, tiriltunge og vill-lauk. I eit parti meir påverka av sigevatn finst litt gulstorr og vill-lin. I skildringa frå 2006 er det i tillegg nemnd artar som tårnurt, vårskrinneblom og åkerminneblom.

Grasdekket er tjukt, men ein reknar likevel med at det er eit svakt potensiale for beitemarksopp her.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er i dag ikkje i bruk, og ber tydeleg preg av byrjande attgroing med gråor og høgt gras, grunna svært lågt beitetetrykk. I følgje Svein Runde (pers. meld.), som har eigedom i Oaldsbygda, var det beitedyr her fram til 1999. Etter dette har beitet vore meir sporadisk, men det var nokre beitedyr her inntil sumaren 2014.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det som ein gong var eit stort kulturlandskap i Oaldsbygda. Mykje av dette er no grodd att. Ein del av engene er framleis slått med motorslåmaskin, men avlinga vert ikkje fjerna. Det finst likevel fragment av det gamle kulturlandskapet i kantsonene, i tillegg til kulturminne som bakkemurar, steingardar og rydningsrøyser.

Skjøtsel og omsyn: Om området ikkje skal gro att, må beitet takast opp att. I dag er det berre svake spor etter beiting her. Gråor innanfor og rundt lokaliteten kan med fordel fjernast. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøytast, og heller ikkje utsetjast for andre former for inngrep i marka.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (om lag 0,8 daa) og raudlistearter. Den oppnår middels vekt på artsmanfald, og middels til låg vekt på påverknad og tilstand. Ut frå dette, saman med funn av fleire regionalt sjeldne artar oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. Verdien er noko svak, og vil ganske raskt verta enda svakare utan at ein får skjøtsel i form av husdyrbeiting her igjen. Attgroinga går

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde

likevel saktare i slike skrinne parti i høve til i område med djupare jord, og slike kantsoner er difor viktige for overlevinga til mange av engartane i eit attgroande landskap.



Figur 68. Oaldsbygda; ved Seljeflotnaustet. Lokaliteten ligg like nord for naustet nedanfor stigen og strekkjer seg bortover mot elva. Som ein ser, er mykje av omgjevnadane grodd att med skog. (Foto; Bioreg AS ©).

Kjelder:

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B.	2007	Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007 basert på eksisterande informasjon. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga rapport 2007:02, 110 s.		Litteratur
Svein Runde	2015			Intervju

Lok. nr. 23. Oaldsbygda: Seljeflot Verdi: **Viktig - B.**

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00038806

UTM EUREF89 32V N 6893753 A 397431

Areal: 0,4 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark 100 %.

Utforming: Rik beitetørreng 60 %, tørre berg (40 %) med sparsam vegetasjon.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 08.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er tidlegare kartlagt 12.06.2006 av John Bjarne Jordal i samband med suppleringar av Naturbase i Møre og Romsdal. Ved gjennomgang av rapporten og Naturbase, viste det seg at det ved innlegging i Naturbase hadde skjedd eit bytte av skildringane på desse to lokalitetane, slik at dei no var knytt til feil kartutsnitt. Dette er no retta opp, og lokalitetane har fått korrekt namn i høve til skildring og Naturbase-nummer. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men ein god del av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Ved undersøkingane i 2015 viste det seg at lokaliteten var slått, og at i alle fall noko av graset var fjerna, men at det ikkje var beitedyr i området. Verdien av området er difor svekka i høve til i 2006. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten er ein del av kulturlandskapet på Seljeflot i Oaldsbygda. Han ligg nedst på innmarka, i øverkant av stigen til nausta og nordaustover mot elva. Den er avgrensa av meir attgrodd kulturlandskap på alle kantar. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og lausmassane er for det meste tynne og usamanhengande. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen naturbeitemark, for det meste av utforminga rik beitetørreng 60 %, men også med innslag av tørre berg (40 %) med sparsam vegetasjon. Etter NiN er det meste av lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfald: Rundt lokaliteten er det gamle kulturlandskapet meir attgrodd med ungskog og høgt gras. Lokaliteten var i 2015 dominert av artar som engkvein, gulaks, geitsvingel og smalkjempe, og i øvre delar ein god del kvitkløver. Elles finst artar som bakkeveronika, eittårsnavel, fjellmarikåpe, fjellrapp, kvitbergknapp, kvitmaure, lækjeveronika, raudknapp, sandarve, småbergknapp, småsmelle, småsyre, sølvture og tiriltunge. I skildringa frå 2006 er det i tillegg nemnd ein art som vårskrinneblom. Ein reknar framleis med at det er eit visst potensiale for beitemarksopp her.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er hevda ved slått, og ein god del av graset vert liggjande att, men noko let også til å vere fjerna. Områda rundt lokaliteten der graset ikkje er slått, ber tydeleg preg av attgroing med gråor og høgt gras, grunna svakt eller manglande beitetrykk. I følgje Svein Runde (pers. meld.), som har eigedom i Oaldsbygda, var det beitedyr her fram til 1999. Etter dette har beitet vore meir sporadisk, men det var nokre beitedyr her inntil sumaren 2014.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av det som ein gong var eit stort kulturlandskap i Oaldsbygda. Mykje av dette er no grodd att. Ein del av engene er framleis slått med motorslåmaskin, men avlinga vert ikkje fjerna. Det finst likevel fragment av det gamle kulturlandskapet i kantonene, i tillegg til kulturminne som bakkemurar, steingardar og rydningsrøyser.

Skjøtsel og omsyn: Om området ikkje skal gro att, må beitet takast opp att med mykje høgare beitetrykk enn i dag. Gråor innanfor og rundt lokaliteten kan med fordel fjernast. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøytast, og heller ikkje utsetjast for andre former for inngrep.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (om lag 0,4 daa) og raudlistarter. Den oppnår middels vekt på artsmanfald, og middels til låg vekt på påverknad og tilstand. Ut frå dette, saman med funn av fleire regionalt

Geiranger - Herdalen Landskapsvernområde

sjeldne artar oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. Verdien er noko svak, og vil med tida verta endå svakare om ikkje husdyrbeitina vert tatt opp igjen, eller eventuelt at graset vert fjerna etter slått. Attgroinga går likevel saktare i slike skrinne parti i høve til i område med djupare jord, og slike kantsoner er difor viktige for overlevinga til mange av engartane i eit attgroande landskap.



Figur 69. Oaldsbygda; Seljeflot. Lokalitetten består av tørre bergknusar med gras samt små engareal i djupare jordsmonn innimellom. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 70. Kartet viser avgrensinga av dei to lokalitetane i Oaldsbygda.

Kjelder

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B.	2007	Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007 basert på eksisterende informasjon. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga rapport 2007:02, 110 s.		Litteratur
Svein Runde	2015			Intervju

Lok. nr. 24. Korsneset. Verdi: Lokalt viktig - C.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00008424

UTM EUREF89 32V N 6905054 A 414493

Areal: 17 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (100 %)

Utforming: Fattig beitefukteng 70 %, fattig beitetørreng 30 %.

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernombord

Feltsjekk: 06.09.15 av Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.09.2015 i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 20.08.1997 i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på den gamle skildringa. Avgrensinga er opprethaldden som den var tidlegare. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombord

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av tidlegare slåttemarker rundt garden Korsneset, som ligg på ei hylle om lag 250 moh på vestsida av Tafjorden i Norddal kommune. Det går ein oppmura sti opp frå sjøen. Lokaliteten består av vekselfuktige beitemarker, delvis attgrodd med høgstaudar, i tillegg til fleire bergknausar med innslag av tørrenger og snaue berg. Berggrunnen i området består av augnegneis, granitt, foliert granitt, og lausmassane består for det meste av tynne morenemassar, men truleg med innslag av noko morene i søkk i terrenget og er på knausane tynne og usamanhengande. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i svakt oseansk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (70 %), med innslag av fattig beitetørreng (30 %) der jordsmonnet er tynnare og meir usamanhengande. Etter NiN går naturbeitemark inn i hovudtypen seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der naturbeitemark er inkludert, er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt med litt einer og noko bjørk i sør. I tillegg finst det stadvis oppslag av gråor i enkelte fuktsig. Også hegg, rogn og bjørk er enkelte stader i ferd med å spreie seg inn på engene. Like ved huset står ei stor ask (VU). Denne er tidlegare styva, og let til å vere innhol. Det er eit visst potensi- ale for raudlista artar av mosar og lav knytt til dette treet. I fuktige og vekselfuktige parti i engene, finst ein del bringebær, firkantperikum, nesler og torhjelm. Her finst også mykje sølvbunke saman med ein del hundegras og noko myrtistel. I turrare parti og på bergknausane dominerer engkvein og gulaks saman med mellom anna blåklokke, blårap, dunhavre, firkantperikum, fjellmarikåpe, fuglevikke, grasstjerneblom, harerug, kvitmaure, lintorskemunn, raudkløver, raudsvingel, ryllik, smalkjempe, småengkall, småsmelle, småsyre, og tiriltunge.

I Artskart er det frå tidlegare registrert eittårsknavel innanfor lokaliteten.

Jordal og Gaarder (1999) omtalar i tillegg funn av mellom anna hårvæve, sølvmure, vill-lauk og vårvrinneblom. Verken i 1997 eller i 2015 var det registrert beitemarksopp, og potensialet

er også heller svakt med dagens beitetrykk, sjølv om det enno finst nokre små areal der slike artar kan finnast.

Bruk, tilstand og påverknad: Garden vart i fylgje Stoknes (1995) fråflytta i 1946. Husa er sterkt forfalne, men innmarka ber preg av å ha vore nytta til beite og slått også etter fråflytinga. I 1997 vart det observert geiter her (Jorddal og Gaarder, 1999). Kor vidt det finst beitedyr her i dag, forutan hjorten, er usikkert. Beitetrykket er likevel stadvis brukbart, og da særleg i dei turrare partia. Likevel er attgroinga kome langt, og verdiane vil, utan høgare beitetrykk, gå tapt. Attgroinga her vil likevel gå noko saktare enn enkelte andre stader grunna det grunne jordsmonnet. Ein merka tursti går over lokaliteten og opp til Korsneslia.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Korsneset utgjer i dag ein rimeleg isolert lokalitet omgjeve av skog og bratte fjellsider på vestsida av Tafjorden. Både innmarka og mykje av skogen og liene rundt ber tydeleg preg av tidlegare tiders jordbruk, med styvingstre (både av bjørk og edellauvtre), bakkemurar med tidlegare slåttemark og små område med naturbeitemark. Det aller meste av skogen i liene her har eit betydeleg innslag av gras, slik at det er klart at lokaliteten tidlegare i langt større grad var ein del av kulturlandskapet på Korsneset.

Skjøtsel og omsyn: Gjenopptaking av husdyrbeite med mykje høgare beitetrykk enn i dag, er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane som framleis er att i dette området. Utan dette vil området gro att. Skogen må hindrast i å spreie seg på lokaliteten. Det same gjeld for artar som torhjelm og bringebær.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels til høg vekt for areal (om lag 17 daa) og låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Elles oppnår den middels til låg vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette saman med potensialet for sjeldne og raudlista artar av sopp, samt naturtypen sin raudlistestatus og nærleiken til lokaliteten Korsneslia, oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C. Også verdien av det heilskaplege kulturlandskapet på Korsneset er med å stadfeste denne verdien, sjølv om det meste av dette landskapet i dag er grodd att.



Figur 71. Like nord for husa på Korsneset og nordover i lokaliteten. Midt i biletet er festet for løypestrengen som går opp til Korsneslia. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 72. Avgrensinga av lokaliteten er merka med grøn skravur.

Kjelder

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1999	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.		Litteratur
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	1999	Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal. Biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s		Litteratur
Stoknes, S.	1995	Setrar i Norddal. En kulturhistorisk registrering og forslag til forvalningsstrategi. Rapport. 156 s.		Litteratur

Lok. nr. 25. Geiranger: Maråk nord. Verdi: Svært viktig - A.

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00069353

UTM EUREF89 32V N 6887122 A 406323

Areal: 56 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Ur og rasmark (70 %), rik berglendt mark (10 %), fattigare bergveggar (20 %)

Utforming: Rik rasmarkseng og intermediær ur og rasmark (til saman 70 %), rik grunnlendt mark (10 %), fattigare bergveggar (20 %).

Vernestatus: Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

Feltsjekk: 01.05.15 av representantar frå Moseklubben i samband med vårtur til Geiranger våren 2015. (siste).

Avgrensingspresisjon: <20-50 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, med hjelp av Torbjørn Høitimt Biofokus AS. Den er basert på undersøkingar utført av Arnfinn Skogen 19.07.1973, Geir Gaarder 23.07.1997, Dag Holtan & Karl Johan Grimstad 30.07.1999 (Holtan & Grimstad, 2001) og John Bjarne Jordal 10.08.2010, samt feltarbeid i regi av Moseklubben 01.05.2015. Lokalitetsskildringa er oppdatert i samband med kvalitetssikring og supplerande

kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet på oppdrag for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet i samsvar med nye krav frå Miljødirektoratet, men noko av innhaldet er likevel basert på dei gamle skildringane. Avgrensinga er utvida i høve til tidlegare, til også å inkludere rasmark og bergveggar i Storgjølet. Tidlegare var lokaliteten registrert som naturbeitemark, og seinare som sørvende berg og rasmark, ein naturtype som no er gått ut. Ein har difor valt å definere lokaliteten som naturtypen ur og rasmark, med innslag av bergveggar. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernombordet. Funn frå Moseklubben sin ekskursjon 01.05.2015 er registrert i Artskart av Torbjørn Høitomt, Kåre A. Lye, Perry Gunnar Larsen, Kristin Wangen, John Bjarne Jordal, Karl Johan Grimstad m fl.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av det som tidlegare var slåtteenger, beitemark, og rasmark like nord for Geiranger sentrum i Stranda kommune. Engene har vore slått og seinare beita, men etter som beitetrykket no er svært lågt, er området i dag å rekne som rasmark. I og med at dette er rekna som rasmark, så er også Storgjølet like nord for den tidlegare avgrensinga inkludert. Også her oppe finst rasmark i kombinasjon med rik berglendt mark. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt), men det er tydeleg at det også finst langt rikare bergartar i striper. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i følgje Moen (1998) i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som ur og rasmark av utformingane rik rasmarkseng og intermediær ur og rasmark (til saman om lag 70 %). I Storgjølet finst saman med rasmark også noko rik berglendt mark av utforminga rik grunnlendt mark (10 %). Bergveggane innanfor lokaliteten, til saman om lag 20 %, er for det meste fattige til intermediære, men med små parti med særslig baserikt berg. Mange av dei rikaste partia i Storgjølet har likevel for det meste samanheng med baserikt sigevatn. Etter NiN er lokaliteten å rekne som ei blanding av nakne berg (T1), open grunnlendt mark (T2) og rasmark (T13) og rasmarkshei og -eng (T16).

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten består for det meste av einer og bjørk. I tillegg finst litt yngre gråor og nokre graner, samt alm (VU), og ask (VU). Ved tidlegare undersøkingar er det registrert 116 artar av karplantar i dette området, av desse 21 natureng- eller seterplantar. Av særskilt interesse er skogkløver og åkermåne, som begge er sjeldsynt i Møre og Romsdal. Andre artar: bakkemynte, bakkeveronika, bergmynte, breiflangre, eittårsknanel, gjeldkarve, gulaks, gulmaure, kvitbergknapp, myske, raudknapp, smalkjempe, småbergknapp, svarteknapp, sòlvture (Full artsliste i Holtan og Grimstad, 2001). Gul vokssopp vart funnen i år 2000. Det er funne bakkeminneblom på Maråk i 1973, det første funnet i fylket. Det er uvisst kvar dette var, men det kan ha vore her. Ved undersøkingar i Storgjølet og område nedanfor i 2015 vart basekrevjande karplantar som gulsildre, fjellfrøstjerne (regionalt sjeldan på Søre Sunnmøre) og raudsildre registrert, i tillegg til mange vanlege moseartar. Dette inkluderer også ein del basekrevjande artar. Mest interessant er funn av alpeklokemose (VU), håkurlemose (VU), oldingmose (ny for fylket), kysttettemose, kalktuffmose (få funn på Sunnmøre) og sopparten sukkerøyre (NT). Førstnemnde mose var registrert på "merok i geiranger" i 1907, og seinare namnsett av Arne A. Frisvoll (Kjelde: Artskart).

Grunna lågt beitetrykk reknar ein med at potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp er heller svakt innanfor det meste av lokaliteten, sjølv om det framleis finst små areal med opa beitemark der potensialet er større. Det er då større potensiale for slike artar knytt til andre grupper av sopp, samt andre artsgrupper som mosar (særleg i dei bratte og utilgjengelege partia av Storgjølet) og insekt.

Bruk, tilstand og påverknad: Innanfor lokaliteten finst ein gammal steingard med humle. Området har ikkje vore beita på lenge. Ein del av det tidlegare arealet er gått tapt som følgje

av utbygging og rasforbygging inntil Geiranger sentrum. Lokaliteten synest ikkje å ha vore gjødsla.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein del av store fjellsider med mykje opne, artsrike rasmarker. Desse var tidlegare opnare på grunn av at beiting var ein tilleggsprosess til snørasa, og gjorde sitt til å halde landskapet meir ope enn i dag.

Skjøtsel og omsyn: Fleire fysiske inngrep bør unngåast. Det er ønskjeleg med framhald i beiting, gjerne med mykje høgare beitetrykk enn i dag, da det no berre er rasprosessane som held lokaliteten open.


Verdivurdering: Ut frå faktaark for ur og rasmark frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels vekt for areal (om lag 56 daa), middels vekt for kalkrikdom (sjølv Storgjølet som oppnår høg vekt (KA 5)) og middels til høg vekt for artsmangfald ut frå funn av fleire raudlisteartar og generelt stor artsrikdom. Ut frå dette, saman med det opplagde potensialet for fleire raudlista artar frå fleire artsgrupper oppnår lokaliteten verdien; Svært viktig - A.



Figur 73. I Storgjølet er det ein kalkkrevjande flora, med mellom anna gulsildre og kalktuffmose. Som ein ser er gjølet bratt og utilgjengeleg. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 74. Storgjølet er bratt. Her med utsyn mot Geiranger. Personen på biletet er Torbjørn Høitomt. (Foto; Bioreg AS ©).



Figur 75. Gamal avgrensning er merka med grønt og ny er merka med raudt.

Kjelder

Namn	År	Tittel	Lenke	Kjeldetype
Holtan, D. & Grimstad, K. J.	2001	Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Rapport Stranda kommune 2001. 127 s + kartvedlegg		Litteratur
Jordal, J. B.	2011	Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2011: 01.		Litteratur